

Ulstein kommune

# Skulebehovsplan 2016-2030

## Kapasitet og utbyggingsbehov





**Oppdragsgjevar:** Ulstein kommune  
**Oppdragsgjevars kontaktperson:** Gry Nordal  
**Rådgjevar:** Norconsult AS, Valkendorfsgate 6, NO-5012 Bergen  
**Oppdragsleiar:** Terje Gregersen  
**Fagansvarleg:**  
**Andre nøkkelpersonar:** Endre Ljones

Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent
---------	------	--------	------------	----------------	----------

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.



## Samandrag

Skulebehovsplanen 2016-2030 vurderer kommunen sin samla skulekapasitet og utbyggingsbehov i eit langsiktig perspektiv fram mot 2030. Skulestrukturen i Ulstein ligg fast – og det er difor ikkje vurdert konsekvensar av skulenedleggingar eller overføringer av elevar mellom skulekrinsane.

### Status og utfordringar – den kommunale grunnskuletenesta

- ❖ Barneskulane er varierande i storleik. Dei ligg tett og kompakt med liten avstand mellom skuleanlegga. Vegstandarden er god og vegane vert vurdert til å vere trygge.
- ❖ Forventa stabil elevtalsutvikling i dei neste seks åra. I skuleåret 2022/23 kan kommunen ifølgje framskrivinga forvente en progressiv elevtalsauke i grunnskulen – frå i underkant av 1 200 elevar inneverande skuleår 2015/16 til over 1 300 elevar i skuleåret 2030/31.
- ❖ Elevtalsveksten vert størst i sentrum av kommunen – og Ulsteinvik barneskule har potensiale til å verte ein skule med over 500 elevar i perioden. Ved dei andre grunnskulane er det forventa stabil elevtalsutvikling.
- ❖ Skuleanlegga er jamt over gode funksjonelle skuleanlegg som er godt tilpassa til pedagogisk verksemd. Unntaket er store deler av bygningsmassen ved Ulsteinvik barneskule.
- ❖ Skulekapasiteten er utfordra ved fleire grunnskular. Særleg gjeld dette Ulstein Kompetansesenter som har trong for to større formidlingsrom, Ulsteinvik barneskule har for lite lærings- og personalareal i høve elevmengda og store delar av denne bygningsmassen vert vurdert til å ha låg pedagogisk funksjonalitet (td. brakke, garderober,lite spesialrom, grupperom, SFO). Vidare har Ulstein skule fleire små klasserom som gjev utfordringar når årsstega vert jamne og over 20 elevar i klassane.
- ❖ Hasund skule har høg klassedeling og har plass til elevane frå Haddal.
- ❖ Brakkebygget ved Ulsteinvik barneskule er vurdert til å vere sanerings- og riveverdig. Bygget verkar til å ha dårlig teknisk tilstand og vert vurdert til å vere lite tilpassa pedagogisk verksemd. Avstanden mellom brakkene og hovudbygget gjev at elev- og fagmiljøa vert delte. Brakkane ved Hasund skule vert vurdert til å vere meir tilpassa skuledrifta – mest fordi primærbruken er SFO og for dei minste elevane. Alle brakker vert tilrådd fasa ut som skulebygg i denne planen.
- ❖ Ved Ulsteinvik barneskule er det foreslått tilbygg og ombygging av eksisterande skuleanlegg – dimensjonert for ein normalkapasitet på 525 elever (dvs. 25 elevar i pr. klasse) og ein maksimal kapasitet på 588 elevar (dvs. 28 elevar pr. klasse). Det gamle idrettsbygget bør saman med brakkebygget ved Ulsteinvik barneskule sanerast og rivast og omgjerast til uteområde og eventuelt areal til nytt tilbygg.
- ❖ Eigedomen til Ulstein sanse- og aktivitetssenter (USAS) vert vurdert til å vere lite tenleg til skuleføremål, men eigedomen kan verta ein del av barne- og ungdomsskulen sitt uteområde.



## Elevtalsprognosar

I planen er det utarbeidd ei elevtalsframskriving som ligg mellom SSB høg og SSB middels alternativ for befolkningsvekst. Framskrivinga tek utgangspunkt i dei demografiske føresetnadane pr. 01.01. 2015 og er justert for tal registrerte førskuleborn i kvar skulekrins.

Det er og synt eit framskrivingsalternativ som inneber at det vert bygt 100 nye bustadar i Ulstein krins fom. 2020 til 2030 – eller om lag 10 nye bustadar i snitt pr. år i denne perioden.

Elevtall Ulstein kommune	Prognose----->																					
	09/10	10/11	11/12	12/13	13/14	14/15	15/16	16/17	17/18	18/19	19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25	25/26	26/27	27/28	28/29	29/30	30/31
1. årstrinn	105	124	132	104	109	96	138	96	115	112	110	110	125	125	132	126	126	121	125	126	135	134
2. årstrinn	123	106	125	133	100	111	99	138	99	117	112	112	115	125	124	132	127	126	120	127	130	136
3. årstrinn	104	124	105	122	133	103	110	102	138	102	118	113	111	116	126	125	133	131	127	121	129	132
4. årstrinn	126	106	125	103	121	132	100	111	103	141	104	118	117	114	117	128	125	134	132	128	122	131
5. årstrinn	118	125	105	125	109	125	134	101	112	103	142	104	114	117	116	118	132	125	137	132	129	122
6. årstrinn	129	121	126	106	127	113	125	135	102	109	101	141	107	116	116	117	118	133	125	139	133	130
7. årstrinn	105	128	119	125	105	134	111	128	138	104	111	101	140	107	115	117	118	121	135	127	139	135
8. årstrinn	99	102	121	123	129	107	131	111	128	138	104	111	101	140	107	115	117	118	121	135	127	139
9. årstrinn	114	100	103	122	124	133	106	131	111	128	138	104	111	101	140	107	115	117	118	121	135	127
10. årstrinn	106	114	97	104	125	123	148	106	131	111	128	138	104	111	101	140	107	115	117	118	121	135
sum 1-7	810	834	837	818	804	814	817	811	807	788	798	799	829	820	846	863	879	891	901	900	917	920
sum 8-10	319	316	321	349	378	363	385	348	370	377	370	353	316	352	348	362	339	350	356	374	383	401
sum 1-10	1129	1150	1158	1167	1182	1177	1202	1159	1177	1165	1168	1152	1145	1172	1194	1225	1218	1241	1257	1274	1300	1321

## Arealnorm

I skulebehovsplanen er det lagt til grunn arealnorma frå Trondheim kommune som rettleiande utgangspunkt for dei skulane som har eit vurdert behov for utbygging. Dette gjeld Ulsteinvik barneskule og eventuelt Ulstein skule om kommunen vedtek høg bustadbygging i denne krinsen. På lang sikt bør kommunen fasa ut brakkene ved Hasund skule, då bør også denne skulen byggjast ut med utgangspunkt i arealnorma.

## Ingen endring i skulestrukturen

Skulebehovsplanen kjem ikkje med framlegg om å overføra elevar mellom einskilde barneskulekrinsar, men både topografi og demografi tilseier at kommunen kan vurdere ein skulestruktur med færre barneskular enn i dag.

Det er i planen synt moglege elev- og kapasitetskonsekvensar av to alternative strukturscenario.

## Utbyggingsbehov

Ved ei vidareføring av dagens skulestruktur, tilrår planframlegget ei utbygging av Ulsteinvik barneskule – tilpassa arealnorma frå Trondheim kommune. I tillegg er det medrekna kostnader til riving og sanering av brakkene og idrettsbygget. Planframlegget estimerer ei slik investering ved Ulsteinvik barneskule til kr. 127 mill.

## Krinsgrensejustering mellom Ulsteinvik og Ulstein krinsar – litra effekt på klassedelinga ved Ulsteinvik barneskule

Ei krinsgrensejustering mellom Ulstein krins og ei styrt bustadbygging med 100 bustadar i denne krinsen, vil redusere elevtalsgrunnlaget ved Ulsteinvik barneskule. Men desse tiltaka vil truleg ikkje ha potensial til å redusere behovet for å oppretta tre klassar pr. årssteg ved Ulsteinvik barneskule.

Fleire elevar ved Ulstein skule gjer at denne skulen vert fulldelt, noko som vil krevje utbygging av generelt læringsareal, spesialrom og noko personalareal. I tiltaksutforminga i denne planen er det nytt a realnorma om Ulstein skule skal byggjast ut for 120 elevar. Difor er det vurdert at eit slikt alternativ vil krevje ei høgare investeringsramme enn ei vidareføring av dagens situasjon.



# Innhold

<b>1 Innleiing</b>	<b>7</b>
1.1 Mål med planarbeidet	7
1.2 Rammeverv – sentrale lover, regelverk og læreplanverk	7
1.2.1 Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.	8
1.2.2 Arbeidsmiljølova	8
1.2.3 Plan og bygningslova	8
1.2.4 Kommunale føringar	8
1.2.5 Kunnskapsløftet	8
<b>2 Elevtalsframskrivingar</b>	<b>10</b>
2.1 Manuelt justert elevtalsframskriving	10
2.2 Heile kommunen – samla folketal i tre alternativ frå SSB	10
2.3 Heile grunnskulen	11
2.3.1 Elevtalsframskriving SSB – høg vekst	12
2.3.2 Ulstein ungdomsskule	13
2.3.3 Ulsteinvik barneskule	14
2.3.4 Ulstein skule	15
2.3.5 Hasund skule	16
2.3.6 Haddal skule	17
2.3.7 Ulstein kompetansesenter	17
2.4 Framskrivingsalternativ med høg bustadbygging i Ulstein krins	18
2.4.1 Ulstein skule med 100 nye bustadar i perioden 2020-2030	18
2.4.2 Ulsteinvik barneskule etter høg utbygging i Ulstein skulekrins	19
<b>3 Skuleskildringar med kapasitetsvurderingar</b>	<b>20</b>
3.1 Ulstein ungdomsskule	21
3.2 Ulsteinvik barneskule	24
3.3 Ulstein skule	28
3.4 Hasund skule	31
3.5 Haddal skule og grendahus	34
3.6 Ulstein kompetansesenter	36
<b>4 Framlegg til arealnorm for barnesteget</b>	<b>37</b>
4.1 Arealkategoriar	37



4.2	Generelt læringsareal	38
4.3	Spesialisert læringsareal	39
4.4	Administrasjons- og personalareal	40
4.5	Anna areal	41
<b>5</b>	<b>Moglege langsiktige val og løysingar</b>	<b>42</b>
5.1	Hovudinntrykk av grunnskulane i Ulstein kommune	42
5.2	Overordna føringar for struktur- og kapasitetsmessige tiltak	42
5.3	Hovudutfordringar (Barnesteget)	42
5.4	Økonomiske føresetnader for investeringskostnadene	43
5.4.1	Rive-/saneringskostnader	43
5.4.2	Rehabilitering / ombygging av Ulsteinvik barneskule med vedlikehaldsetterslep av eksisterande areal	43
5.4.3	Nybygg / tilbygg (inkl. mva.)	43
5.5	Alternativ 1: Vidareføring av dagens situasjon – Investeringsbehov 2016 - 2030	44
5.5.1	Bygningsmessige tiltak ved Ulsteinvik barneskule er vurdert slik:	44
5.5.2	Hovudgrep for Ulsteinvik barneskule	45
5.6	Alternativ 2: Høg utbygging i Ulstein krins (2020-) – Investeringsbehov 2016-2020	47
5.7	Prioritering og periodisering av investeringane	47
5.8	Moglege langsiktige strukturendringar på barnesteget	48



# 1 Innleiing

## 1.1 Mål med planarbeidet

Skulebehovsplanen skal gje kommunen fagleg grunnlag til å planleggje og prioritere utbygging av skulekapasiteten i tråd med behova og som samsvarer med den økonomiske røynda i kommunen.

Planen skal vere i tråd med kommunale og nasjonale målsetjingar.

Skulebehovsplanen er òg eit utgangspunkt for rådmannen sitt administrative arbeid og forvaltinga av oppgåver innan skuleområdet.

Målet med planarbeidet har vore:

- ❖ å sikra samsvar mellom elevtalsutvikling (behov) og tilgjengeleg skulekapasitet (skuleplassar)
- ❖ å sikra best mogeleg bygningsmessig kvalitet i skulen og ein optimal bruk av dei rammene kommunen til ein kvar tid rår over
- ❖ å koma fram til ein skulestruktur som er tilpassa føresetnader som ligg i overordna plangrunnlag
- ❖ sikra eit godt arbeidsmiljø for tilsette og elevar
- ❖ gje råd om fysiske og pedagogiske arealrammer

Det kan verte fremja eiga sak på eventuelle endringar av skulekringsgrenser. Dette vil i alle høve vere mest aktuelt mellom Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule.

## 1.2 Rammevilkår – sentrale lover, regelverk og læreplanverk

Opplæringslova § 8-1 Skolen, 1. ledd:

«Grunnskoleelevarane har rett til å gå på den skolen som ligg nærest eller ved den skolen i nærmiljøet som dei soknar til. Kommunen kan gi forskrifter om kva for skole dei ulike områda i kommunen soknar til. Kravet i § 38 første leddet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje».

Opplæringslova § 9-5. Skuleanlegga: «Kommunen skal sørge for tjenlige grunnskoler. Til vanlig bør det ikke etableres grunnskoler med mer enn 450 elever».

Det eksisterer ikkje nokon absolutt grense for kor store skulane kan vere. Det er mange døme som viser at skular med god plass og god sonedeling kan fungere godt med eit høgare elevtal enn 450. Korleis anlegget er lagt til rette og korleis dagen er organisert har meir å sei for kvaliteten enn sjølv elevtalet.

I skuleåret 2014/15 var det omkring 256 grunnskular i Noreg med over 450 elevar, og vi kan til ein viss grad seie at paragrafen er ein «sovande» paragraf. Meir centralisering og samanslåing av mindre skular til større skular, er aukande i Noreg, og det er truleg dei minste skulane som vert hardast råka av denne centraliseringstrenden. 40 prosent av skulane har ein storleik mellom 100 – 300 elevar. Dette er også ein skulekategori som er veksande.



### 1.2.1 Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v.

Forskrifta trådde i kraft 01.01.1996 og vert ofte omtala som barnas arbeidsmiljølov. Forskrifta inneholder krav til det fysiske og sosiale miljøet, og gjev krav til bl.a. ansvarsforhold, internkontroll, plikt til opplysning og informasjon, tilsyn, sanksjonar og klage. Føremålet med forskriftena er å bidra til at miljøet i barnehagar og skular fremmer helse, trivsel og gode sosiale og miljømessige tilhøve samt førebygger sjukdom og skade. Den einskilde skule og barnehage skal godkjennast etter forskriftena. Dette gjeld også nye anlegg. Det er komunelegen som er godkjenningsmynde i Ulstein kommune.

Det må vere eit mål at alle skuleanlegg i kommunen er godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i skular og barnehagar.

### 1.2.2 Arbeidsmiljølova

Dei tilsette sine miljøkrav er ivaretatt gjennom Arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova sitt føremål er å sikre eit arbeidsmiljø som gjev "full trygghet mot fysiske og psykiske skadefirkninger" samt å bidra til eit "inkluderende arbeidsliv" (§ 1-1). Arbeidstilsynet fører tilsyn med at lova vert etterfølgjt.

### 1.2.3 Plan og bygningslova

Plan- og bygningslova med tilhøyrande byggeforskrift inneholder omfattande krav til det fysiske miljøet, her under krav til universell utforming. Ny plan og bygningslov trådde i kraft juli 2010. Lovverket skal føljast i samanheng med planlegging og oppføring av nye skular og barnehagar, samt rehabilitering av eksisterande bygg.

### 1.2.4 Kommunale føringar

Skulebehovsplanen må samordnast med andre plandokument og politiske vedtak i Ulstein kommune. Særleg gjeld dette føringane i Kommuneplanen sin samfunnsdel og andre overordna plandokument.

Skulebehovsplanen nyttar eit justert framskrivingsalternativ som ligg mellom SSB høg og SSB middels tidleg i framskrivingsperioden for elevtalsframskrivinga. Dette er eit alternativ som inneber auka tilflytting i alle skulekrinsane dei komande 15 åra. Det betyr at ein forventar utteljing av omstillingstiltak i samband med andre overordna planar.

### 1.2.5 Kunnskapsløftet

I den generelle delen av Kunnskapsløftet vert dei viktigaste sidene oppsedinga og opplæringa skal ta omsyn til omtala. Den generelle delen dannar eit forpliktande grunnlag for læreplanen for fag i grunnskule og vidaregående opplæring. Dei sju ulike sidene ved mennesket som vert framheva i den generelle delen er:

- ❖ Det meiningsøkjande menneske
- ❖ Det skapande menneske
- ❖ Det arbeidande menneske
- ❖ Det allmenndanna menneske
- ❖ Det samarbeidande menneske
- ❖ Det å miljømedvitne menneske
- ❖ Det integrerte menneske



Fagdelen av Kunnskapsløftet omhandlar dei ulike fagområda for grunnskulen. Hovudidéen bak læreplanane er einingskulen der omgrepa "fellesskap" og "tilpassing" står sentralt. Ein skule for framtida må difor leggja til rette for:

- ❖ Mangfaldet i elevane sine interesser og føresetnader
- ❖ Endringar som følgjer med aukande alder
- ❖ Mangfaldet i familie- og kulturell bakgrunn til elevane
- ❖ Det mangfaldet som òg vil prega lærarane og dei vaksne som deltar aktivt i skulekvardagen
- ❖ Ikkje berre framtidige utfordringar, men òg ein meiningsfull dag i dag og ei tilhørsle for den einskilde og fellesskapet sin bakgrunn.

Læringsplakaten stiller auka krav til tilpassa eller differensiert opplæring. Læringsplakaten er forskriftsfesta og omfattar grunnleggjande prinsipp og krav som skal prege og forplikta skular. Skulen skal fremja tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar, og har soleis trond for tilrettelagde læringsarenaer som gir høve til varierte undervisningsformer. (NOU 2006:16 i første rekke).



## 2 Elevtalsframskrivingar

### 2.1 Manuelt justert elevtalsframskriving


Ny elevtalsframskriving er tufta på slike føresetnader:

- ❖ Elevtalsframskrivinga er tufta på Statistisk Sentralbyrå (SSB) sine framskrivingsalternativ for middels og høg vekst – som er manuelt justert av Norconsult.
- ❖ Samansetninga av folketalet pr. 01. januar 2015
- ❖ Vidare er det lagt til grunn talet på førskuleborn i skulekrinsane pr. 01.01.2015.
- ❖ Faktisk elevtal ved skulane i skuleåret 2015/16.
- ❖ Born på asylmottak er ikkje medrekna i tala og kjem utanom

### 2.2 Heile kommunen – samla folketal i tre alternativ frå SSB

I figuren under er det synt tre moglege framskrivingsalternativ for Ulstein kommune utarbeidd av SSB.

Elevtalsframskrivinga i denne planen legg seg tett opp til SSB høg mot midten av perioden, men vil i skuleåra 2022/23 og fram til 2030/31ligge nærmere SSB sin middels framskrivingsvariant.




Alle framskrivingsalternativ syner vekst for Ulstein kommune. Sjølv det lågaste alternativet frå SSB gjev høg årleg vekst i kommunen. SSB høg er truleg driven av ei historisk utvikling prega av sterk optimisme i oljerelatert næring og verksemd. Deler av denne verksemda er styrt av konjunkturar og oljepris. Låg oljepris vil truleg dempe folketalsveksten til Ulstein kommune i åra framover.



## 2.3 Heile grunnskulen

Figuren under syner Skulebehovsplanen si justerte elevtalsframskriving tufta på SSB sine framskrivingsalternativ høg og middels vekstalternativ (jmf. kap. 2.1 over). Denne framskrivinga gjev stabil elevtalsutvikling utover heile framskrivingsperioden med noko elevtalsvekst mot slutten av perioden til over 1300 elever i skuleåret 2030/31.



Framskrivinga gjev på mellomlang sikt årskull over 125 born. Det vert fleire elever som begynner i skulen enn elevar som går ut av grunnskulen. Dette gjev eit potensiale for elevtalsauke med om lag 100 elevar i løpet av perioden 2025 – 2030. Litt låge fødselstall i dei siste 6 åra gjev stabil elevtalsutvikling på kort og mellomlag sikt.

Det har vore relativt stor variasjon mellom årstrinna i grunnskulen i Ulstein. Truleg kan kommunen forvente år kor einskilde trinn kan kome opp mot og over 150 elevar.

Framskrivinga forventar stabil elevtalsutvikling fram til og med skuleåret 2022/23 – eller i løpet av dei neste sju åra. Etter dette er lagt inn ein progressiv årleg vekst i elevtalet.




### 2.3.1 Elevtalsframskriving SSB – høg vekst

Figuren under syner SSB sitt høgaste vekstalternativ for 6-15 år i Ulstein kommune. Når ein samanliknar denne framskrivinga med folketalsframskrivinga i kap. 2.2 over, ser ein at det ikkje er forventa vekst i grunnskulealder før mot 2022/23.


Då kjem det fleire elever inn i skulen enn det som går ut. Dette gjev vekst på lang sikt i høve SSB sin høge vekstvariant. Og det betyr og at det er andre funksjonelle aldersgrupper som veks i Ulstein – særleg gjeld dette dei vaksne og eldre aldersgruppene.

Men elevtalsveksten er mykje høgare i dette alternativet enn kva som ligg i den justere framskrivinga over. Her er det synleggjort eit vekstpotensial på om lag 300 elevar i perioden 2022/23 til 2030/31. Årskulla vert i SSB sin høgste variant over 160 elever pr. trinn.





### 2.3.2 Ulstein ungdomsskule




Framskrivinga tilseier stabil elevtalsutvikling ved ungdomskulen – og skulen vil få eit aukande elevgrunnlag og vil ligge mellom 350 – 370 elevar innover store deler av framskrivingsperioden. mot slutten av perioden kan skulen vekse til rundt 400 elevar.

Ulstein ungdomsskule er bygt for 450 elevar og det vil vere god kapasitet i heile perioden.

Framleis vil det være ujamne årskull ved skulen – og dette kan gje utslag i auka delingsbehov. skulen vil truleg vil ligge mellom 4 og 5 parallelle som hovudregel.



### 2.3.3 Ulsteinvik barneskule



Ulsteinvik barneskule vert kommunen sin største grunnskule i hele perioden. Framskrivninga tilseier stabil elevtalsutvikling på mellomlang sikt med grunnlag for vekst til over 500 elevar på lang sikt.


Ulsteinvik barneskule får varierande storleik på årstrinna – ikkje ulikt det som har vore situasjonen i den historiske perioden.

Med dette justerte framskrivingsalternativet er det lite som tilseier at skulen vil få over 3 klassar pr. årssteg, men skulen har potensial til at nokre årssteg kan verte over 80 elevar og nærme seg deling til 4 klassar pr. årssteg. Dersom SSB alternativ for høg vekst vert lagt til grunn som dimensjonerande grunnlag for Ulsteinvik barneskule, vil truleg skulen kunne få klassedeling til 4 klassar på einskilde årssteg langt fram i perioden.

Seinare i planen kan ei eventuell slik elevtalsvekst vurderast i samband med ledig kapasitet ved Ulstein skule. Om krinsgrensejustering eller ny forskrift om elevfordeling mellom skulane i sentrum kan gje ei meir optimal fordeling av elevane – dersom høg vekst vert meir realistisk enn den justerte framskrivninga over.



### 2.3.4 Ulstein skule




Ulstein skule vil ifølgje framskrivinga få eit elevtal mellom 90 – 100 elevar i dei neste sju åra. Etter dette kan det vere grunnlag for ein liten elevtalsauke og skulen kan få eit samla elevtal mot slutten av perioden på over 110 elevar.

Det ligg attraktive byggjeområder i Ulstein krins – noko som kan gje auke og stabil elevtalsutvikling ved skulen.

Ulstein skule kan ta imot fleire elevar fra Ulsteinvik krins gjennom krinsregulering og kringsgrensejustering.



### 2.3.5 Hasund skule




Hasund skule er den nest største barneskulen i kommunen og vil i følgje den justerte framskrivinga få eit elevtal på rundt 180 - 200 elevar i lang tid framover. Det er først mot slutten av framskrivingsperioden at elevtalet kjem over 210 elevar.

Skulen får årssteg som kjem rett over delingstalet (28 elevar) – på nesten på kvart årssteg. Mykje tyder på at skulen får delingsproblematikk også innover i perioden.

Avhengig av ressurstildelingsmodell lokalt gjev tradisjonelt mykje deling høgare driftskostnader enn klassetal under det tradisjonelle delingstalet (delingstalet er teken ut av opplæringslova – og kommunen kan fastsetja slik tal sjølve).



### 2.3.6 Haddal skule



Haddal skule vert kommunen sin minste barneskule med eit elevtal på rundt 70 elevar innover heile framskrivningsperioden. Også denne skulen må forvente ujamne årssteg og vert truleg fådelt i heile perioden.

### 2.3.7 Ulstein kompetancesenter

#### Elevgrunnlag

I haust har det vore opp mot 180 elevar på dag og kveldstid på området.

Elevgrunnlag framover, til dømes i ein 3-årsperiode:

- Norskopplæring for arbeidsinnvandrarar vil truleg minke.
- Norsk og samfunnsfag for busette flyktningar vil auke, i og med at kommunen har auka busetjinga frå 20+familiegjenforeining til 38+familiegjenforeining i året.
- Behovet for opplæring av asylsøkjarar vil truleg auke, også for einslege mindreårige asylsøkjarar. Asylmottak EMA skal ha mottak fram til 2018.
- Dei 30 mindreårige asylsøkjarane som har skulegang på Ulstein Ungdomsskule, skal truleg flyttast til UKS




## 2.4 Framskrivingsalternativ med høg bustadbygging i Ulstein krins

I figurane under er det lagt til grunn ei samla bustadbygging i Ulstein skulekrins med 100 nye bustadar i perioden 2020 – 2030.

Ei slik utvikling krev at store delar av bustadbygginga vert styrt til Ulstein krins. Det er alltid vanskeleg å seia kor mange elevar nye bustadar genererer til skuleformåla, men Norconsult legg til grunn at det vert 1 elev pr. trinn pr. 20 bustad. 100 bustadar vil i snitt gje 5 ekstra elevar pr. trinn eller om lag 35 elevar pr. år når bustadfeltet er utbygd. Truleg kan kommunen forventa noko høgare elevtal i dei fyrste åra etter ferdigstillinga og i åra etter at nybygga er realiserte.

Utbyggingtakt vil og påverke elevtalsutviklinga ved Ulstein skule.

### 2.4.1 Ulstein skule med 100 nye bustadar i perioden 2020-2030



Ei etablering av 100 bustadar i Ulstein skulekrins rundt 2020 gjev elevtalsvekst ved skulen etter 2020. Fleire nye bustadar kan gje eit elevtalsgrunnlag på over 150 elevar på lang sikt.


Ulstein skule har då potensiale til å få over 20 elevar på kvart årssteg og vert en fulldelt 1.-7. skule.

Ei slik utvikling vil krevje tilbygg av meir generelt læringsareal, spesialrom og anna naudsynt støtteareal.



## 2.4.2 Ulsteinvik barneskule etter høg utbygging i Ulstein skulekrins

I figuren under er det synt konsekvensane av høg bustadbygging i nabokrinsen. Ei stort bustadbygging til Ulstein krins, vil redusere elevtalsveksten og elevtalsutviklinga ved Ulsteinvik skule.



I framskrivinga i kapittel 2.3.3 har Ulsteinvik skule eit framskrivingspotensial på over 500 elevar på lang sikt. Ei stor utbygging i Ulstein krins er forventa å gje ein reduksjon i elevtalet ved denne skulen – samanlikna med føresetnadane tidlegare for Ulsteinvik barneskule. Elevtalet ved skulen kan på lang sikt liggje mellom 450 – 470 elevar.

Mykje tyder på at Ulsteinvik barneskule vert ein tre parallelle skule – sjølv med høg bustadbygging i nabokrinsen - og bør dimensjonerast for 3 klassar pr. årssteg. I einskilde år vert det elevtalsgrunnlag for drift i to klassar.

Ei stor bustadutbygging i Ulstein skulekrins, vil avlaste Ulsteinvik barneskule med nokre elevar samla sett, men ikkje nemneverdig i høve klassesideligning og behovet for 3 klasserom pr. årssteg.



### 3 Skuleskildringar med kapasitetsvurderingar

Det føreligg ikkje eigne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det f.eks. gjer for barnehagebygg. I rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (Helsedirektoratet 2014) er det presisert størrelsen på innvendig areal i grunnskulane og vidaregåande skular. Dette kapittelet og arealanalysane tek omsyn til føringane i rettleiaren.

Vurdering av kor mange elevar og tilsette den enkelte skule har plass til, er i stor grad basert på lokalt skjønn og tek i hovudsak utgangspunkt i det gamle klassedelingstalet. I dette kapitlet er elevkapasiteten i grunnskulane, vurdert etter fastsette metodar, slik at alle skulane blir vurdert etter dei same kriteriene. Dette for å sikre en mest mulig likebehandling og lik areal- og kapasitetsvurdering.

I rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular står dette om arealet inne:

**Undervisningsrom/Klasserom:** Ved beregning av maksimale elevtall i et undervisningsrom, bør det tas hensyn til hele læringsarealet som klassen/elevgruppen disponerer. Det må også tas hensyn til rommenes utforming, innhold og ventilasjonsforhold. Læringsarealet til en klasse/elevgruppe skal legges til rette for varierede arbeidsformer og tilhørende utstyr.

Når en klasse/elevgruppe disponerer tilleggsarealer (grupperom, formidlingsrom eller andre rom) i nærheten av klasserommet/hovedrommet, må klasserommet/hovedrommet planlegges etter en arealnorm på minimum 2 m<sup>2</sup> pr. elev. Så lenge inneklimaet er tilfredsstillende og aktiviteten i rommet er tilpasset, kan elevtallet i enkeltrom (som f.eks. formidlingsrom og auditorier) gjerne være høyere enn normen på 2 m<sup>2</sup> pr. elev tilsier. Dersom klassen/elevgruppen ikke disponerer tilleggsarealer i nærhet til klasserommet/hovedrommet, bør arealet være større, helst opp mot 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev.

Areal for ansatte kommer i tillegg til arealnormen i avsnittet over.

**Spesialiserte læringsareal:** Spesialiserte læringsarealer er rom som er innredet med tanke på andre aktiviteter enn de det er lagt til rette for i klasserommet eller hovedrommet til en klasse eller elevgruppe, og som disponeres av flere klasser/elevgrupper. Eksempel på slike rom er rom til naturfag, musikk, kroppsøving, kunst og håndverk og mat og helse. I videregående skole vil spesialiserte læringsarealer også omfatte verksteder og spesialutstyrte rom for ulike utdanningsprogram.

Det kan ikke settes et bestemt arealkrav til slike rom fordi det vil variere etter hvilket utstyr og inventar som er nødvendig og hvilke aktiviteter som skal foregå.

Vurderingene av disse arealene må basere seg på om sikkerheten og krav til inneklima som luft, lys og akustikk er ivaretatt (jf. § 14).

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Publikasjoner/IS-2073-Veileder.pdf>

Opplæringsloven hadde tidlegare regler for klassesørrelsar, men desse blei oppheva i 2003. I dag heiter det seg at «*Klassene, basisgruppene og gruppene må ikke være større enn det som er pedagogisk og trygghetsmessig forsvarlig*» (Opplæringsloven 8-2). Stortinget vedtok samtidig at «*Klassedelingstallet skal ligge til grunn som minstenivå for ressurstildeling også etter at bestemmelsen om klassedelingstallet er opphevet*» (Stortingsvedtak 2002/2003, Odelstingsprop.nr.67)



### 3.1 Ulstein ungdomsskule

Ulstein ungdomsskule ligg i midt i kommunen, sentralt plassert i Ulsteinvik. Skulen vart tatt i bruk i 2009 og er bygd som ein fleksibel skule, tilrettelagt for varierte pedagogiske aktivitetar. Kvart årstrinn har si avdeling med heimeområde for elevgruppene der dei disponerer fleire rom/areal.

Skulebygget går over to plan og står fram som eit fleksibelt, heilskapleg og framtidssretta skulebygg. Skulen er bygd opp med tre svært like trinnområde og eit område for meir spesialiserte læringsareal.

Skulen har i dag om lag 400 elevar og 40 lærarar.

Ulsteinvik barneskule ligg på nabotomta. Mellom dei to skulane ligg eit idrettsbygg med symje- og idrettshall som dei to skulane vekslar på å bruka.

#### Skildring av hovedfunksjonar

**Uteområdet** er godt tilrettelagt med fotballbane i sør-aust, og varierte oppholdslassar for elevane med asfalt og grasplener rundt skulen. Det er opparbeid eit atrium der små grupper kan samlast til læringsaktivitet ute. Skulen har kort veg til sjø og fjell.

Tilgjengeleg uteareal på tomta er om lag 17 800 m<sup>2</sup>, inkludert skulearealet. Parkeringsplassane på tomta er ikkje inkluderte. Arealet er i tråd med tilrådd norm frå Helsedirektoratet.

#### Lokala til personalet og skuleleiinga


Skuleleiinga og administrativt personale er lokaliserte i ei eiga avdeling, sentralt plassert ikkje langt frå hovedinngangen, det store allrommet på skulen og personalrommet. Det er lett å finne fram for dei som kjem på vitjing. Kontorfullmekting, inspektørar og rektor har kontor ved sidan av kvarandre. Det er god kontorkapasitet i denne avdelinga og kontora er tenlege. I administrasjonsavdelinga finst det og garderobe, toalett, samt kopi- og arkivfunksjon. Eitt av kontora blir brukt til møterom i kombinasjon med kontor til sosialrådgjevar.

**Lærararbeidslassarane** er fordelt på 3 område. Dei ligg i nærleiken til dei 3 trinnareala. Det er 10 eigne lærarkontor på kvart trinn. Det er møterom, kopi/arkiv/lager og garderobar/toalett i alle dei tre areaala for lærararbeidslassarane. Lærarane kan nyttast dusjar i idrettshallen. Det er gode og tenlege lærararbeidslassarane.

#### Lærings- og elevareal

**Klasseromma** er utforma som 4 basar på kvart trinn med storleik på om lag 65 m<sup>2</sup>. I tillegg er det 3 mindre rom på rundt 29 m<sup>2</sup> i kvart trinnområde, og to grupperom på rundt 10 m<sup>2</sup>. Kvart trinn har tilgang på støtteareal som på ulike måtar kan nyttast til læringsaktivitet. Det er eit fellesareal/eit friare læringsareal der elevane kan samarbeide i gruppe, øve saman eller ha pause. Dette arealet fungerer også som trafikkareal mellom læringsareal og garderobane.

Kvart trinn har eigen inngang frå uteområdet til **garderobar** og toalett tilhøyrande trinnet.





Skulen har eit flott **allrom/samlingsrom** og utgjer eit naturleg sentrum i skulen. Det har stor kapasitet med trapper som har plass til å samle alle elevane på skulen.

### Spesialrom.

Skulen har tilgjengeleg alle typar spesialrom. Desse er samla i ei eiga avdeling, med lett tilkomst for alle trinn.

**Skulebiblioteket** ligg i 1. etasje med lett tilkomst frå det store allrommet. Arealet avsett til bibliotek er 130 m<sup>2</sup> og innreidd med plass til bibliotekar, reolar på hjul og leseplassar i sofagrupper. Biblioteket er eit eige rom, men har transparens med persiener som skjerming ut til gangareal og allrom. Det er avsett rom til mediatek ved sidan av biblioteket. Dette rommet vert i dag brukt til klasserom/delingsrom.

**Musikkrommet** har foldedør ut mot allrommet og kan brukast til scene ved større tilstellingar. Rommet er godt utstyrt. Øvingsrom og instrumentlager hører til musikkavdelinga.

Skulen har ei avdeling til **Kunst og handverk** med 5 rom fordelt på verkstad, harde material, tekstil, teikning og lager til elevarbeid. Det er ei godt utstyrt avdeling med høvelbenkar, grovmaskiner, keramikkovn, symaskiner og bord til mjuke materialar. Det er for det meste glasveggar mellom romma.

Arealet til **mat og helse** er forma som 4 kjøkkenstasjonar med plass til 16 elevar. Det er eit tilstøytande kjøkken på andre sida av lager og vaskerom. Dette er i dag bruk til førebuing av kantinemat til elevane på skulen. Det har og 4 kjøkkenstasjonar, men rommet er mindre og har liten plass der elevane kan sitja og ete maten dei lagar.

Til undervisning i **naturfag** har skulen ei eiga forskaravdeling med eit tradisjonelt naturfagrom med avtrekk på elevstasjonar og eit demonstrasjonsrom forma som eit auditorium. Det er og eit mindre rom som blir brukt til elevøvingar og lab-læring der benkar med luper og mikroskop står klare til bruk. Det er skap til lagring av materiell i romma. Det er dør til eit utandørs atrium direkte frå naturfagavdelinga, noko som gjer det lett tilgjengeleg å ta i bruk uteområda rundt som en integrert del av læringsarbeidet.

Skulen bruker to av romma til **datarom**, eit på 50 m<sup>2</sup> og eit på 30 m<sup>2</sup>.

Det er ein eigen hall til **kroppsøving** og idrett. Der er det symjebasseng og ein stor hall i andre høgda. Gjennom visuell synfaring av hallen ser det ut til at den ikkje held forventa standard. Storleiken på hallflata tilseier at det er mogeleg å ha fleire grupper i hallen samstundes. Garderobane er ein avgrensande faktor for aktiviteten i hallen. Halltida blir delt mellom ungdomsskulen og barneskulen.

## Elevkapasitet

### Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal

Oppgjeve bruksareal generelt læringsareal for skulen er 2 068 m<sup>2</sup>. I dette arealet er ikkje garderobar teke med. Grunna skulen si utforming er gangareal/trafikkareal med i det utrekna arealet. Av omsyn til at dette ikkje vert rekna som fullverdig læringsareal tar vi utgangspunkt i eit nettoareal på 2 050 m<sup>2</sup>. 5 m<sup>2</sup> er pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut kapasiteten i skulebygg med fleksible løysingar. Dette svarar til ein kapasitet på 410 elevar på Ulstein ungdomsskule.

Ulstein ungdomsskule		
	Bruksareal	Tal rom
Samla bruksareal	5 054 m <sup>2</sup>	
Bruksareal generelt læringsarea	2 373 m <sup>2</sup>	
Klasserom	1 088 m <sup>2</sup>	21 rom
Grupperom	171 m <sup>2</sup>	11 rom
Garderober og toalett	305 m <sup>2</sup>	20 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	809 m <sup>2</sup>	6 rom
Netto spesialisert læringsareal	1 010 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	167 m <sup>2</sup>	4 rom
Musikk	71 m <sup>2</sup>	1 rom
Naturfag	132 m <sup>2</sup>	3 rom
Kunst og håndverk	393 m <sup>2</sup>	11 rom
Bibliotek	133 m <sup>2</sup>	1 rom
Andre spesialareal	114 m <sup>2</sup>	3 rom
Bruksareal personalavdeling	552 m <sup>2</sup>	
Lærerarb.pl.	222 m <sup>2</sup>	
Kontor	97 m <sup>2</sup>	
Forkontor	15 m <sup>2</sup>	
Møterom	27 m <sup>2</sup>	
Personalrom	111 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	22 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	31 m <sup>2</sup>	
Annet personalareal	28 m <sup>2</sup>	



**Klasseromskapasitet.** Skulen har 12 klasserom med plass til fulle klassar på 30 elevar og 9 mindre klasserom med plass til 16 elevar. Eit elevtal på 400 elevar vil gje omlag 34 elevar pr. store klasserom og fire klassar på kvart trinn. Om ein vel ei organisering med fire klassar på 30 elevar på kvart trinn, vil det vere behov for å opprette ei mindre gruppe elevar på om lag 15 elevar på kvart trinn. Skulen kan difor omtalast, med ei noko uvanleg nemning, som en skule med ein kapasitet på 4 ½ klasse på kvart trinn.


**Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til 1 010 m<sup>2</sup>. For ein U410 skule gjev det eit snittareal til spesialisert læringsareal på 2,46 m<sup>2</sup> pr elev. Skulen har god dekning til spesialisert læringsareal.

Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekinga ved Ulstein ungdomsskule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten krev god tilgang og god utnytting av støtteareala. Skulen har tilgang på læringsareal som ikkje er bunde opp til heimeområde for elevgrupper, både grupperom og anna elevareal. Det gir elevar og lærarar mogelegheit for praktisk opplæring, variasjon og tilpassing i læringsarbeidet. På Ulstein ungdomsskule ligg det godt til rette for god utnytting av både generelle og spesialiserte læringsareal på skulen og det er difor ikkje behov for å redusere samla elevkapasitet, bortsett frå ei lita justering med grunngjeving i trafikkarealet for elevane. Om elevtalet aukar ut over skulens kapasitet og ein må ta i bruk alle grupperom til faste klasserom for elevgrupper, vil det vere hemmende pedagogisk praksis.

### Konklusjon:

Ulstein ungdomsskule er bygt som ein fleksibel skule, tilrettelagt for tilpassa og varierte læringsaktivitetar. Skulebygget framstår som tidsriktig og funksjonelt sett i samanheng med aktivitetane som skal skje her. For at skulen skal kunne organisere verksemda og drivast i tråd med intensjonane for fleksible skulebygg, er det viktig at støtteareala er tilgjengelege som støtteareal, og at desse ikkje blir gjort om til ordinære klasserom.

Kapasiteten vil då ligge på rundt 137 elevar på kvart av dei tre trinna. Samla kapasitet blir då på rundt 410 elevar.





### 3.2 Ulsteinvik barneskule

Ulstein barneskule ligg midt i kommunen, sentralt plassert i Ulsteinvik. Skulen er bygd som ein tradisjonell klasseromsskule. Skulen har utvida kapasiteten med eit mellombels brakkebygg. På kvart årstrinn har elevgruppene klasseromma i nærliken av kvarandre.

Skulebygget bygd over to hovudplan. Loftsetasjonen er tatt i bruk til faste klasserom for elevane. Brakkebygget har to plan.

Skulen har i dag om lag 460 elevar fordelt på 20 klassar og 70 tilsette.



Ulstein ungdomsskule er lokalisert på nabotomta. Mellom dei to skulane ligg eit idrettsbygg med symje- og idrettshall som dei to skulane vekslar på å bruka.

#### Skildring av hovedfunksjonar

**Uteområdet** er tilrettelagt med ballplass, og varierte opphaldeplassar for elevane med asfalt og grasplanar rundt skulen. Skulen har kort veg til sjø og fjell.

Brakkene er gamle og slitte. Den pedagogiske funksjonaliteten er vurdert til å vere lav i desse areala. Lite elevtoalett, små garderober, lydgjennomgang, støy frå ventilasjon, små personalareal, mv er nokre av merknadane til brakkene ved skulen.

Tilgjengeleg uteareal på tomta er om lag 12 840 m<sup>2</sup>, inkludert skulearealet, men utan parkeringsplassane. Avtrykket av skulebygga utgjer om lag 1 920 m<sup>2</sup> for hovudbygget og om lag 300 m<sup>2</sup> for brakkebygget. Utrekna tilgjengeleg uteareal er om lag 10 600 m<sup>2</sup>. Dette er under tilrådd norm frå Helsedirektoratet.



#### Lokala til personalet og skuleleiinga

Skuleleiinga og administrativt personale er lokaliserte i ei eiga avdeling, sentralt plassert ikkje langt frå hovudinngangen, lærararbeidsplassar og personalrommet. Det er lett å finne fram for dei som kjem på vitjing til skulen. Det er ein ekspedisjon til kontorfullmektig, og tre kontor ved sidan av kvarandre til inspektørar og rektor, og i tillegg eit kontor til SFO-leiar. Det er eit møterom i same området. Garderobe, personaltoalett, samt kopi- og arkivfunksjon er lokaliserte mellom lærararbeidsplassane og administrasjonsarealet i nærliken til personalrommet. Det er ein liten kjøkkenkrok. Eitt møterom blir brukt i kombinasjon med kontor til skulehelsetenesta.

**Lærararbeidsplassane** er fordelt på tre område. Ved personalrommet er det to rom med 28 lærararbeidsplassar. I tillegg deler assistenter og fagarbeidrarar på tre datamaskiner i dette arealet. I tredje høgda er det to mindre lærararbeidsrom med 6 plassar på det eine rommet og arbeidsplassar til lærarane i innføringsklassa på det andre. Det er ikkje møterom for lærarane i denne høgda, og liten plass til kopi/arkiv/lager. Det er toalett i nærliken. I brakkebygget er det 4 lærararbeidsplassar i begge høgdene med skrivar/kopifunksjon inne på arbeidsrommet. Toaletta er svært små. Lærarane kan nytta dusjar i idrettshallen. Det trengst meir plass på skulen til lærararbeidsplassar.



## Lærings- og elevareal

**Klasseromma** er utforma som 22 tradisjonelle klasserom med ulik storleik. Dei fleste romma er over 60 m<sup>2</sup>. Grunna høgt elevtal er rom som tidlegare var avsett til spesialisert læringsareal og støttefunksjonar, no brukte til klasserom. I tillegg er det 11 mindre rom på skulen. Nokre av dei er brukte til faste rom for elevgrupper, blant anna brukar mottaksklassen faste grupperom i 3. høgda, samt at elevar med store behov for tilrettelegging fast disponerer rom med stellebenk og anna naudsynt utstyr.

Trafikkarealet/gangarealet inne på skulen er tradisjonelle lange gangar som også fungerer som garderobar for elevane. Her er det ikkje er lett å drive læringsarbeid. Trinna har lite tilgang på støtteareal.

Kvart trinn har eigen inngang frå uteområdet til **garderobar/gangar**. Elevtoaletta er svært små.

Skulen har eit **allrom/samlingsrom** i tredje høgda. Det har kapasitet til å samla halve elevmassen på skulen samstundes.

**SFO** har basen sin i tilfluktsrommet i 1. etasje, samt at dei har sambruk med småtrinnet sine klasserom. Dei disponerer eit lite kjøkken der dei tilsette kan lage enkel mat til elevane.

I **brakkene** er det etablert i hovudsak klasserom og noko areal til lærararbeidsplassar. Det er særslitelytta til elevtoalett i dette bygget. Brakkene ber preg av å vere gamle og slitte. Det fysiske miljøet vert samstundes vurdert til å ha en låg pedagogisk funksjonalitet. Tilgang til grupperom er liten.

Brakkene ligg i noe avstand frå hovudbygget som gjer at klassane her vert litt åleine frå resten av skolemiljøet og andre skulefunksjonar.

## Spesialrom.

Skulen har tilgjengeleg nokre spesialrom, andre er brukte til faste klasserom.

**Skulebiblioteket** ligg i 2. etasje og har open løysing til gangareal for 5 klasserom. Arealet avsett til bibliotek er 125 m<sup>2</sup> og innreidd med plass til bibliotekar, reolar på hjul og leseplassar i sofagrupper. Det er plasserte datamaskiner til elevbruk langs den eine veggen. På teikninga er det avsett rom til mediatek i same høgda. Dette rommet er delt av med delingsvegg til eit mindre grupperom. Resten av arealet er eit datarom i samstundes som det er eit trafikkarealet der elevane går til og frå andre funksjonar i bygget.

Skulen har ikkje **musikkrom**. På vitjinga vår var det eit musikkrom i 3. høgda. Det er i ferd med å bli gjort om til eit vanleg klasserom av kapasitetsomsyn.

Skulen har to rom til **Kunst og handverk**. Eit rom til harde materialar med høvelbenkar og verktøy, og eit rom til mjuke materialar som tekstil, symaskiner og teikning. Dei eldste trinna har enkle skåp med lagringsplass til elevarbeida sine.

Arealet til **mat og helse** er forma som 4 kjøkkenstasjonar med plass til 16 elevar. Det er ikkje eige lager og vaskerom her.

Ulsteinvik barneskule m brakke		
	Bruksareal	Tal rom
Samla bruksareal	4 359 m <sup>2</sup>	
Bruksareal generelt læringsarealet	2 499 m <sup>2</sup>	
Klasserom	1 515 m <sup>2</sup>	22 rom
Grupperom	249 m <sup>2</sup>	15 rom
Garderober og toalett	105 m <sup>2</sup>	42 rom
SFO	347 m <sup>2</sup>	2 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	284 m <sup>2</sup>	1 rom
Netto spesialisert læringsareal	434 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	65 m <sup>2</sup>	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	139 m <sup>2</sup>	2 rom
Bibliotek	125 m <sup>2</sup>	1 rom
Andre spesialareal	104 m <sup>2</sup>	4 rom
Bruksareal personalavdeling	368 m <sup>2</sup>	
Lærerarb.pl.	71 m <sup>2</sup>	
Kontor	78 m <sup>2</sup>	
Forkontor	41 m <sup>2</sup>	
Møterom	19 m <sup>2</sup>	
Personalrom	74 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	56 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	18 m <sup>2</sup>	
Annet personalareal	11 m <sup>2</sup>	



Til undervisning i **naturfag** er det ikkje avsett eige areal til utforskningsaktivitetar.

Areal som i dag er brukt til **datarom** er eit rom i 2. høgda som også er gjennomgangsareal. 7. trinnet deler på eit eige rom med rundt 15 datamaskiner. Nokre elevmaskiner er plasserte på biblioteket.

Det er ein eigen hall til **kroppsøving** og idrett. Der er det symjebasseng og ein stor hall i andre høgda. Gjennom visuell synfaring av hallen ser det ut til at den ikkje held forventa standard. Storleiken på hallflata tilseier at det er mogeleg å ha fleire grupper i hallen samstundes. Garderobane er en avgrensande faktor for aktiviteten i hallen. Halltida blir delt mellom Ulsteinvik barneskule og Ulstein ungdomsskule.

## Elevkapasitet

### Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal

Oppgjeve bruksareal generelt læringsareal for skulen er 2 047 m<sup>2</sup>. I dette arealet er ikkje garderobar og toalett teke med. Tilfluktsrommet er heller ikkje teke med som læringsareal. Det er eit greitt avlastningsareal både til SFO og skulen, men det har ikkje dagslys og bør ikkje disponerast til bruk for grupper over lengre tid. Det kan brukast til leik og aktivitet. Av omsyn til at gangareal heller ikkje vert rekna som fullverdig læringsareal, tar vi utgangspunkt i eit nettoareal på skulen på 2 000 m<sup>2</sup>. 4,7 m<sup>2</sup> pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut kapasiteten i skulebygg for barnetrinnet. Dette tilseier ein kapasitet på 430 elevar på Ulsteinvik barneskule.

**Klasseromskapasitet.** Skulen har 22 klasserom med varierande storlek frå det minste rommet på 58 m<sup>2</sup> til det største på 80 m<sup>2</sup>. Om ein berre tar omsyn til kapasitet for klasseroma som isolert faktor, er det plass til 22 klassar med 28 elevar i kvar klasse, 616 elevar. Dei andre areaala på skulen er ein avgrensande faktor for skulen sin samla kapasitet. Eit elevtal på 430 elevar vil gje omlag 20 elevar pr. klasserom og tre klassar på kvart trinn, i tillegg til ein mottaksklasse.

**Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til 434 m<sup>2</sup>. Forslag til arealnorm tilrår større netto spesialisert læringsareal for nye skular. Skulen manglar forskarareal, rom til musikk og læringsarealet til kunst og handverk er lite.

Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekinga ved Ulsteinvik barneskule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten i klasseromma krev god tilgang til og god utnytting av støtteareal. Skulen har liten tilgang på læringsareal som ikkje er bunde opp som heimeområde for elevgrupper. Det er lite spesialisert læringsareal, få grupperom, lite garderobepllass og mykje areal går med til gang/trafikkareal og er lite tenleg som læringsareal. Det gir elevar og lærarar avgrensa mogelegheit for variasjon og tilpassing i læringsarbeidet.

### Konklusjon:

Ei nærmere drøfting av elevareaala og kapasiteten i skulen kan gjerast som følgjer. Dei 22 klasseromma (eit avsett til mottaksgruppe) kan teoretisk romma i gjennomsnitt 28 elevar kvar. Det svarar til 588 elevar. Då er alle rom fylte med elevar kvar time. Kravet til opplæringa av elevane går meir og meir i retning av praktisk, variert og tilpassa opplæring. Skulen manglar støttefunksjonar og spesialiserte læringsareal, som gjer det vanskeleg å imøtekoma slike krav. Dette er ein reduserande faktor for skulen sin kapasitet. Skulen sin totale elevkapasitet samsvarar med 4,7 m<sup>2</sup> per elev, rekna til 430 elevar.

Skulen manglar eit større samlingsrom der alle elevane kan samlast på same tid.


SFO har lite eigna areal om skulen skal sjåast i eit langtidsperspektiv. Det er ei stor avdeling med 120 born pr i dag og mykje av aktiviteten skjer i eit tilfluktsrom med avgrensa mogelegheit for m.a. matservering til borna.

Ulsteinvik barneskule er bygt som ein tradisjonell skule. Det er skyvedører mellom nokre av romma. Ein kan organisera skulen med to store klassar på kvart trinn med tre disponible rom til trinnet. Med ei



slik organisering av større grupper kan nokre av romma nyttast til støtteareal, andre læringsformer og leggast til rette for praktiske, varierte og tilpassa læringsaktivitetar. Skulebygget står likevel ikkje fram som tidsriktig og funksjonelt sett i samanheng med dei aktivitetane som skal skje her. Det kjennest trøngt, garderobane er små, skuleanlegget er lite fleksibelt med den elevmassen skulen i dag har. For at skulen skal kunne organisere verksemda og drivast i tråd med ein framtidsretta skule, er det vanskeleg å unngå ombygging av arealet i kombinasjon med nytt tilbygg.

Brakkene vert vurdert til å både ha ein låg byggteknisk standard og ein låg pedagogisk verdi som fysisk læringsmiljø.





### 3.3 Ulstein skule

Ulstein skule ligg nord for komunesenteret, med utsikt over sjøen i Skeidsbukta. Skulen fekk eit påbygg i 2008. Skulen har tradisjonelle løysingar i det fysiske læringsmiljøet.

Skulen disponerer eit bygg på eitt plan, inkludert ein gymnastikksal.

Skulen tel i dag om lag 100 elevar og har 18 tilsette.



#### Skildring av hovudfunksjonar

**Uteområdet** er stort og godt og opparbeidd med fleire ulike leike- og aktivitetsområde. Store delar av skulegarden er naturleg terren. På vestsida av skulen ligg det ei grusfotballbane.

Tilgjengeleg areal for aktivitetar og leik i samband med undervisning og læring, SFO og friminutt er ca. 21 000 m<sup>2</sup>, inkludert skulebygga og parkeringsareal. Det er eit fint uteområde og skulen har godt med plass til uteareal samanlikna med tilrådd norm fra Helsedirektoratet.

#### Lokala til personalet og skuleleiinga

Skuleleiinga og ekspedisjon er lokaliserte i nærliken av personalrom med minikjøkken og lærararbeidsrom. Forkontor med kontorfullmektig er plassert nærest skulelobbyen, med ein korridor mellom. Storleiken på og funksjonaliteten til kontora er gode.

**Lærararbeidsplassane** er fordelt på to rom med glasvegg mellom, i same avdelinga. Kopimaskin og skrivar er plasserte i romma. Det er ikkje eige møterom i nærliken. Romma dekkjer lærarane sine behov etter anbefalt norm. Det er ein god garderobe og to toalett for personalet.





## Lærings- og elevareal

**Klasseromma** er utforma som tradisjonelle undervisningsrom, av ulik storleik. Skulen har i dag organisert klassane i 6 grupper, der elevane på 5 og 6 trinn går saman. Eitt av klasseromma er svært lite, 26 m<sup>2</sup>. Alle romma er i bruk til faste grupper. Det er eit mindre grupperom som i dag vert nytta til spesialundervisning for ein enkeltelev.

**SFO** brukar klasseromma som base og har ikkje eigne lokale.

Det er eit **bibliotek/mediatek** på 60 m<sup>2</sup> som er plassert i som eit eige rom midt i skulen. Det er plassert fleire hyller med bøker i arealet, eit møtebord og 10 stasjonære elevdatamaskiner. Rommet har tilkomst både frå lobbyen og frå gangarealet.

Rom til **kunst- og handverk** er to små rom, eit lite rom i kjellaren som blir brukt til harde materiale med sløydbenkar og nokre lagerhyller til elevarbeid og eit grupperom med keramikkomm, symaskiner og eit bord med plass til 6-7 elevar.

Skulen har fleire typar **spesialrom**, til bruk i mat og helse, kunst og handverk og kroppsøving.

**Gymsalen** med tilhøyrande garderober er hensiktsmessig. Det er direkte tilkomst frå skulelobbyen. Skulen brukar salen til å samla alle elevane ved behov. Det er lagerplass knytta til hallen. Taket i gymsalen må utbetraast. Grendalaget brukar hallen til sine arrangement og gjennom sambruk fungerer skulen som eit grendahus.

**Skulekjøkkenet** er innreidd med 3 stasjonar og plass til 12 elevar i mat- og helse. SFO brukar rommet til sine aktivitetar og til måltid. Det er i dag ikkje spesielt avsett rom til **kantine**.

**Musikkrom.** Det er ingen av romma som er spesielt innreidd for musikk.

**Naturfag/realfag/forskarrrom.** Det er ikkje eige rom til dette føremålet på skulen.

Det er svært få **digitale tavler** på skulen.

Ulstein skule		
	Bruksareal	Tal rom
Samla bruksareal	1 566 m <sup>2</sup>	
Bruksareal generelt læringsarea	441 m <sup>2</sup>	
Klasserom	354 m <sup>2</sup>	7 rom
Grupperom	54 m <sup>2</sup>	3 rom
Garderober og toalett	33 m <sup>2</sup>	4 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	232 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	73 m <sup>2</sup>	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	99 m <sup>2</sup>	2 rom
Bibliotek	60 m <sup>2</sup>	1 rom
Andre spesialareal	-	3 rom
Bruksareal personalavdeling	224 m <sup>2</sup>	
Lærerarb.pl.	99 m <sup>2</sup>	
Kontor	38 m <sup>2</sup>	
Forkontor	26 m <sup>2</sup>	
Møterom	-	
Personalrom	44 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	17 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

## Elevkapasitet

### Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal

Oppgjeve bruksareal generelt læringsareal for skulen er 408 m<sup>2</sup>. I dette arealet er ikkje garderober og toalett teke med. 4,7 m<sup>2</sup> pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut elevkapasiteten i skulebygg for løysingar med tradisjonelle klasserom. Dette tilseier ein kapasitet på 87 elevar.

**Klasseromskapasitet.** I hovudbygget har skulen 7 klasserom, der eitt av dei er svært lite. To av klasseromma har grupperom med tilkomst berre frå klasserommet. I tillegg er det eit lite rom som er i bruk til spesialundervisning. Eit elevtal på 87 vil gje ein kapasitet på 13 elevar pr trinn, fordelt på 7 rom. 4 av klasseromma har plass til grupper på rundt 25 elevar.




Skulen sett under eitt står i dag fram som ein skule som eignar seg for at fleire trinn har læringsøktene sin saman i faste grupper, ein fådelt skule. Då vil skulen ha kapasitet og nok rom til å dele gruppene etter pedagogiske vurderingar i løpet av skuleveka. Det er i dag ikkje plass til heile grupper på alle 7 trinn, grunna at det er for få rom som er store nok til å romma heile grupper på rundt 28 elevar. Det vil då heller ikkje vere nok støtteareal til å drive praktisk, variert og tilpassa undervisning.

**Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til 232 m<sup>2</sup>. Det er godt innanfor forslag til arealnorm for netto spesialisert læringsareal.

Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekinga ved Ulstein skule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten krev god tilgang til og god utnytting av støttefunksjonar. Varierande storleik på klasseromma er avhengig av at varierande elevtal på dei ulike årstrinna er samanfallande og kan i motsett fall gje utslag på samla elevkapasitet for skulen.

#### Konklusjon:

Ulstein skule er bygt som ein tradisjonell fådelt skule med klasserom til fire større grupper. Det er tilhøyrande avlastningsrom som gruppene kan gjere seg nytte av ved behov for deling etter alder eller etter andre pedagogiske kriteria. Skulen har få grupperom. Om skulen må ta imot fleire elevar enn den er bygt for, vil dette gå ut over tilgjengeleg støtteareal, spesialrom og mogelegeheita til å drive opplæring etter krava som blir stilt til ein framtidsskule. Skulen har ein kapasitet på fire større grupper på 25 elevar, og nokre mindre grupper. Skulen sin kapasitet er difor rekna til 120 elevar. Aldersblanda grupper er ein føresetnad i dette talet.





### 3.4 Hasund skule

Hasund skule ligg litt sør for kommunesenteret, ved sjøen i Hasund. Skulen fekk eit påbygg i 2008. Skulen har tradisjonelle løysingar i det fysiske læringsmiljøet.

Skulen disponerer eit hovudbygg på to plan, ein gymnastikksal og eit brakkebygg på to plan der SFO er lokaliserte i dag.

Skulen har hatt progressiv vekst dei siste ti åra og tel i dag om lag 200 elevar, har 45 born i skulefritidsordninga og 35 tilsette.

## **Skildring av hovedfunksjonar**


**Uteområdet** er opparbeidd med fleire ulike tilleike- og aktivetsområde. Det er variasjon mellom asfalt og naturleg terrenget i skulegården. På sørsida av skulen og vest for brakkebygget ligg det ei fotballbane.

Tilgjengeleg areal for aktivitetar og leik i samband med undervisning og læring, SFO og friminutt er ca. 14 200 m<sup>2</sup>, inkludert skulebygga og areal til parkering. Dette er innanfor ramma samanlikna med tilrådd norm frå Helsedirektoratet.



## Lokala til personalet og skuleleiinga

Skuleleiinga og administrasjonen er lokaliserte i ei eiga avdeling i hovudhøgda, i nærleiken av personalrom og lærararbeidsrom. Kontorfullmekting har kontor nærmast vestibylen, med ein korridor mellom. Storleiken på kontora er gode, både for sekretær, inspektør og rektor. I denne avdelinga er støttefunksjonar som kopirom, telefonrom og lager plasserte.



**Lærararbeidsplassane** er fordelt på tre rom i personalavdelinga. Saman med eit godt møterom i nærleiken dekkjer desse romma lærarane sine behov etter anbefalt norm. Det er dusj, to toalett for kvinner og eit toalett for menn.

## Lærings- og elevareal

**Klasseromma** er utforma som tradisjonelle undervisningsrom. Det er nokre mindre grupperom som i dag vert nytta til spesialundervisning for enkeltelevar.

**SFO** har sin base i eit eige bygg, avskjerma frå resten av skulen og med god tilgang til uteområdet. I brakkebygget er det 4 klasserom og 1 grupperom. To av klasseromma er i dag nytta av SFO, dei er i innreidde til SFO-basar.

Det er eit **bibliotek/mediatek** som er plassert i eit ope areal mellom 6 klasserom, delingsrom og grupperom. Det er ei trapp med tilkomst frå underetasjen i dette arealet. Det er plassert fleire hyller med bøker i arealet, samt gjort nokre skiermingar mot transportarealet og dørene til dei ulike romma.

Skulen har fleire typar **spesialrom**. Dei fleste av desse er plasserte i underetasjen.



**Kunst- og handverksromma** er samla i underetasjen. Det er eige rom for arbeid med trematerialar. Det er romn for keramikkbrenning og nokre små lagerrom. Skulekjøkkenet vert brukt til både mat og helse og til myke material i kunst- og handverksfaget.

**Gymsalen** med tilhøyrande garderobar er føremålstenlege. Skulen brukar salen til å samla alle elevane ved behov. Det er ei scene i salen med mogelegheit for framføringer og tilstellingar.

**Skulekjøkkenet** er innreidd med 4 stasjonar og plass til 16 elevar i mat- og helsefaget. Ledig kapasitet i rommet blir i dag brukt til kunst og handverk. Det er eit kjøkken ved sidan av scena i gymnastikkavdelinga, med direkte tilgang inn i gymsalen.

Det er ikkje spesielt avsett rom til **kantine**.

**Musikkrom**. Det er ingen av romma som er innreidd for musikk.

**Naturfag/realfag/forskarrom**. Det er ikkje eige rom til dette føremålet på skulen.

Skulen har pr i dag **digital tavle** i to av klasseromma.

Hasund skule		
	Bruksareal	Tal rom
Samla bruksareal	2 763 m <sup>2</sup>	
Bruksareal generelt læringsarea	1 194 m <sup>2</sup>	
Klasserom	826 m <sup>2</sup>	14 rom
Grupperom	124 m <sup>2</sup>	7 rom
Garderober og toalett	135 m <sup>2</sup>	17 rom
SFO	109 m <sup>2</sup>	2 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	-	-
Netto spesialisert læringsareal	257 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	56 m <sup>2</sup>	1 rom
Musikk	-	-
Naturfag	-	-
Kunst og håndverk	107 m <sup>2</sup>	7 rom
Bibliotek	94 m <sup>2</sup>	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Bruksareal personalavdeling	280 m <sup>2</sup>	
Lærerarb.pl.	97 m <sup>2</sup>	
Kontor	31 m <sup>2</sup>	
Forkontor	17 m <sup>2</sup>	
Møterom	38 m <sup>2</sup>	
Personalrom	61 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	26 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	12 m <sup>2</sup>	
Annet personalareal	-	

## Elevkapasitet

### Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal

Oppgjeve bruksareal til generelt læringsareal for skulen er 971 m<sup>2</sup>. I dette arealet er ikkje gangareal, garderobar og toalett teke med. 4,7 m<sup>2</sup> er pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut kapasiteten i skulebygg for løysingar med tradisjonelle klasserom. Dette tilseier ein kapasitet på om lag 207 elevar.

**Klasseromskapasitet**. I hovudbygget har skulen 12 klasserom, 8 i hovedhøgda og 4 i underetasjen. Dei 12 romma har ein gjennomsnittleg storleik på 54,66 m<sup>2</sup>. I tillegg er det 3 grupperom og eit delingsrom som kan brukast til eit lite klasserom. Nokre av dei mindre romma er bundne opp mot fast bruk for enkeltelevar. I brakkene er det 2 klasserom og 2 rom som i dag er brukt til SFO-base. Eit elevtal på 207 vil gje om lag 15 elevar pr klasserom, fordelt på 14 rom.

Brakkebygget er av meir førebels karakter. I eit langsiktig perspektiv har ikkje dette bygget kvalitetane som blir lagt til grunn for gode læringsareal. Sjølv om vi reknar klasseromma i hovudbygget som den reelle og langsiktige kapasiteten på skulen, utgjer dette bygget ein vesentleg kapasitet slik det er i dag. Bygget kan nyttast i fleire år framover. Av dette følgjer at klasseromskapasiteten på skulen blir rekna ut frå 25 elevar i 12 rom, og vil då utgjere 300 elevar.

**Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til 257 m<sup>2</sup>. Detter er under forslag til arealnorm for spesialisert areal.


Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekinga ved Hasund skule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten i klasseromma krev god tilgang og god utnytting av støtteareal. Enkelte av klasseromma har noko avgrensa kapasitet. Støttefunksjonar for mediatek,



musikkrom og naturfag er mangelfulle og det er få grupperom, slik at samla elevkapasitet er justert til 280 elevar.

### Konklusjon:

Hasund skule er bygt som ein tradisjonell skule med eit klasserom til kvar gruppe. Skulen står fram som heilskapleg og funksjonell. Kvalitetane i bygget er tidsrike og kan brukast til læringsareal i mange år. Skulen har få grupperom og mediateket er lite funksjonelt. Manglar i støttefunksjonar gjer at skulen vert vurdert til ein total elevkapasitet på 280 elevar.





### 3.5 Haddal skule og grendahus

Haddal skule ligg sør i kommunen. Skulen vart bygd i år 2000. Skulen er bygd med fire basar som ein fådelt skule.

Skulen disponerer eit hovudbygg på to plan. Delar av skulen er brukt som grendahus.

Skulen har 67 elevar og er organisert i 6 elevgrupper.



#### Skildring av hovedfunksjonar

**Uteområdet** er fint laga til med fleire ulike leike- og aktivitetsområde. Det er variasjon mellom asfalt og naturleg terreng i skulegarden. Elevane disponerer ei fotballbane.

Tilgjengeleg areal for aktivitetar og leik i samband med undervisning og læring, SFO og friminutt er ca. 12 000 m<sup>2</sup>, inkludert skulebygga. Areal til parkering er ikkje rekna med i dette arealet. Det er god plass på uteområdet samanlikna med tilrådd norm frå Helsedirektoratet.



#### Lokala til personalet og skuleleiinga

Skuleleiinga og administrasjon er lokaliserte i ei eiga avdeling i 2. høgda, i nærleiken av personalrom og lærararbeidsrom. Forkontoret ligg nærmast vestbyggen, med god tilkomst for vitjande. Storleiken på kontora er gode, både for sekretær, inspektør og rektor. Støttefunksjonar som kopirom, arkiv og garderober for personalet er plasserte her.

**Lærararbeidsplassane** er fordelt på to rom i personalavdelinga med til saman 10 arbeidsplassar. Saman med eit møterom i nærleiken dekkjer desse romma lærarane sine behov etter anbefalt norm. Det er garderobe med to toalett.

#### Lærings- og elevareal

**Klasseromma** er utforma som tradisjonelle undervisningsrom. Skulen har 6 klasserom, der to av dei er mindre enn dei andre, opprinnleg teikna som grupperom. Skulen er planlagt med 4 klasserom med vanleg storlek med skyvedør til grupperom frå to av dei. Organisering av elevgruppene kan varierast etter kor mange elevar som går på kvart trinn. Det er eit lite rom for spesialundervisning og elevar med store behov for tilrettelegging.

**SFO** har sin base på skulekjøkkenet og i grendahuset.

Inntekna **bibliotek og musikkrom** er begge brukt som klasserom, med ein liten krok i delar av rommet med bøker i biblioteket.



Skulen har fleire typar **spesialrom**. Desse er plasserte i ei eiga avdeling i underetasjen.

**Kunst- og handverk** disponerer eit rom med høvelbenkar og bord til arbeid med mjuke materialar.

**Gymsalen** med tilhøyrande garderobar er svært gode areal. Skulen brukar salen til å samla alle elevane ved behov. Det er ei scene i salen med mogelegheit for framføringer og tilstellingar. Gymnastikkalen vert brukt som ein del av grendahuset.

**Skulekjøkkenet** er innreidd med 3 stasjonar og felles spiseplass til 12 elevar i mat- og helsefaget. Kjøkkenet er mykje i bruk på kveldstid av grendalaget og er innreidd med storkjøkkenmaskiner. Kjøkkenet er plassert nært gymsalen og med direkte tilkomst frå vestibylen.

Det er ikkje spesielt avsett rom til **kantine**.

**Musikkrom**. Det er ingen av romma som er innreidd for musikk.

**Naturfag/skaparverkstad**. Rommet er i dag brukt til klasserom.

Hadel skule		
	Bruksareal	Tal rom
Samla bruksareal	1 745 m <sup>2</sup>	
Bruksareal generelt læringsarea	387 m <sup>2</sup>	
Klasserom	228 m <sup>2</sup>	4 rom
Grupperom	60 m <sup>2</sup>	3 rom
Garderober og toalett	78 m <sup>2</sup>	12 rom
SFO	-	-
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	20 m <sup>2</sup>	1 rom
Netto spesialisert læringsareal	265 m <sup>2</sup>	
Mat og helse	43 m <sup>2</sup>	2 rom
Musikk	50 m <sup>2</sup>	1 rom
Naturfag	16 m <sup>2</sup>	1 rom
Kunst og håndverk	84 m <sup>2</sup>	4 rom
Bibliotek	71 m <sup>2</sup>	1 rom
Andre spesialareal	-	-
Bruksareal personalavdeling	168 m <sup>2</sup>	
Lærerarb.pl.	54 m <sup>2</sup>	
Kontor	48 m <sup>2</sup>	
Forkontor	-	
Møterom	17 m <sup>2</sup>	
Personalrom	35 m <sup>2</sup>	
Personalgarderober/WC	15 m <sup>2</sup>	
Kopi og arkiv	-	
Annet personalareal	-	

## Elevkapasitet

### Kapasitet ut frå bruksareal generelt læringsareal

Oppgjeve bruksareal til generelt læringsareal for skulen er 309 m<sup>2</sup>. I dette arealet er ikkje garderobar og toalett teke med. 5 m<sup>2</sup> er pr. elev er lagt inn som faktor for å rekna ut kapasiteten i skulebygg for løysingar med tradisjonelle klasserom. Dette tilseier ein kapasitet på om lag 62 elevar.


**Klasseromskapasitet**. Skulen har 4 vanlege klasserom, 2 grupperom (i tillegg eit rom på 9 m<sup>2</sup> til elevar med store behov), musikkrom, bibliotek og skaparverkstad som alle kan brukast til klasserom for elevgrupper av ulike storleikar. Dei 6 klasse-/grupperomma har ein gjennomsnittleg storlek på 46,5 m<sup>2</sup>. Det gir ein klasseromskapasitet på om lag 100 elevar.

**Netto spesialisert læringsareal** summerer seg til 265 m<sup>2</sup>. Dette er innanfor forslag til arealnorm for netto spesialisert læringsareal for nye B100-skular.

Bruksareal til generelt læringsareal ligg til grunn for kapasitetsberekinga ved Hadel skule. God funksjonalitet ved høg utnytting av elevkapasiteten i klasseromma krev god tilgang og god utnytting av støtteareal. Det ligg godt til rette for å nytta støtteareala på Hadel skule. Ved å ta i bruk grupperomma til klasserom gir det støttefunksjonane noko avgrensa kapasitet. Det er tilstrekkeleg rom til støttefunksjonar for m.a. mediatek/bibliotek, musikkrom og naturfag, når dei ikkje blir låst av faste grupper. Det er gode fellesareal, og mykje vrimleareal/gangareal i begge etasjane. Noko av desse areala kan nyttast som avlastningsareal i læringsarbeidet. Samla elevkapasitet blir difor i stor grad avgrensa av plassen i klasseromma.

### Konklusjon:

Hadel skule er bygt som ein fådelt skule med eit klasserom til kvar gruppe. Det er gode støttefunksjonar og fellesareal. Skulen står fram som heilskapleg og funksjonell. Kvalitetane i bygget er tidsriktige. Det er avgrensa med lagerplass i skulebygget. Skulen vert vurdert til ein total elevkapasitet på 100 elevar.



## 3.6 Ulstein kompetansesenter

Ulstein kompetansesenter ligg i Ulstein sentrum, lokalisert i Reiten-bygget, som tidlegare var folkehøgskule. Der har kommunen samla fleire kommunale tenester, m.a. Helsestasjon, omsorg, trygd og sosiale tenester og Ulstein Eigedomsselskap KF.

Kompetansesenteret har desse tenestene:

- Norsk og samfunnsfag for innvandrarar
- Logoped
- Grunnskule for vaksne
- Snoezelen sansesenter
- Samlokalisert med flyktningtenesta.

Kompetansesenteret har i dag omlag 180 elevar. Dei disponerer 7 klasserom, inkludert kantina som blir brukt til opplæring når det er ledig, 8 grupperom og eit pauserom for elevar. Ingen rom er brukt berre som møterom. Romma har noko avstand frå kvarandre og er små. Det manglar store klasserom, der større grupper kan ha opplæring samtidig.

Senteret har innreidd noko av areala til sansesenter til bruk for elevar med ekstra behov. Desse lokalane er gode og er innreidd ut frå ei bevisst pedagogisk retning. Tilbodet i sanseromma blir brukt av elevar frå fleire kommunar.

Skulen disponerer eit areal til leiringa ved kompetansesenteret og dei tilsette. Det er 7 lærararbeidsplassar og eit personalrom. For dei tilsette er areala tenlege og i tråd med anbefalt norm.

**Konklusjon:** Ulstein kompetansesenter har ikkje lokale som er svarande til elevmasse og behov. Dei manglar plass og særleg større klasserom.



## 4 Framlegg til arealnorm for barnesteget

Framlegg til arealnorm for barnesteget tek utgangspunkt i skulebehova til Ulsteinvik barneskule. Det er i sentrum kommunen har størst trøng for kapasitetsutviding og fornying av dei fysiske tilhøva. Ulstein ungdomsskule er nybygd og er eit moderne og heilskapleg skuleanlegg med tidsriktige funksjonar tilpassa læreplanen sine krav. Difor er det ikkje utarbeidd noko framlegg til arealnorm her.

Framlegg til arealnorm for behova på barnetrinnet og Ulsteinvik barneskule er tufta på Trondheim kommune sin arealnorm for barneskular. Denne norma syner ei arealramme som tek utgangspunkt i normalkapasitet i eit skulebygg. Her er det lagt til grunn ein normalkapasitet med 25 elevar i klassane eller 75 elevar på trinna. Dette samsvarar godt med elevtalsframskrivingane tidligare i planen.

Det betyr at storleiken på klassetalet kan overstige 25 elever og opp mot delingstalet på 28 elevar – eller ein max. kapasitet på 588 elevar. Kommunen nyttar norma som rettleiande utgangspunkt ved nybygg/tilbygg, ombygging og rehabilitering.

Dei ulike arealkategoriane kan sjølvsgart nyttast ved behov ved utbygging av dei andre grunnskulane i kommunen. Dei dimensjonerande rammene i arealnorma er i første rekke tilpassa behova ved Ulsteinvik barneskule.

Det er synt arealbehov for to alternative skulestorleikar på barnesteget slik:

Dimensjonering	B525	B700
<b>Elever</b>		
Normalkapasitet	525	700
Antall elever 1.- 4. trinn	300	400
Antall elever 5.- 7. trinn	225	300
Antall klasser	21	28
<b>Ansatte</b>		
Årsverk totalt	68	91
Antall ansatte totalt	Årsverk x 1,1	75
Lærerårsverk		
Antall lærere samlet	Ant. Elever / 11,6	45
Andre ansatte	20% av alle ansatte	15
Adm, ledelse, rådgiver, kontorteknisk	8% av alle ansatte	6
		8

Over er det vist overslag på tal elever og tal tilsette i dei to barneskulane som vert eksemplifisert i framlegg til arealnorm under. Ein barneskule med eit elevtal på 700 elevar (4 parallelle eller 28 klassar) vil ha trøng for 100 tilsette.

Framlegg til arealnorm er ekskl. idrett / gymnastikkfunksjon.

### 4.1 Arealkategoriar

I framlegg til arealnorm er areala kategorisert i fire hovudkategoriar slik:

- ❖ **Generelle læringsareal**
  - ❖ Klasserom / Heimeareal, grupperom, lager, garderobar, SFO, fellesareal, mv. I denne kategorien er det differensierte areal til småsteget (meir garderobe og tørkeromareal) og mellomsteget.
- ❖ **Spesialiserte læringsareal**
  - ❖ Musikk, Mat og helse, Kunst og handverk, Naturfag, Bibliotek, Auditorium
- ❖ **Personalavdeling**



- ❖ Administrasjon, lærararbeidsplassar, personalgarderobar, personalrom, møterom, kopi, mv.

 **Anna areal**

- ❖ Kantine, felles samlingsrom, vestibyle, helsesøster, drift, lager, publikumsfunksjonar, reinhald, mv.

Det vert nytta ein brutto/nettofaktor på 1,4. I dette framleggget er mykje av areala nettoprogrammerte, slik at ein b/n faktor på 1,4 er vurdert til å vere tilfredsstillande.

## 4.2 Generelt læringsareal

### Generelle læringsareal

1. - 4. trinn	kvm pr elev		
Klasserom / Heimeareal	2,5	750	1000
Grupperom	0,3	90	120
Fellesareal	0,35	105	140
Areal til lærar	0,2	60	80
Nærslager	0,04	12	16
Grovgarderobe m/toalett	0,3	90	120
Tørrgarderobe m/toalett	0,9	270	360
Tørkerom	0,05	15	20
Personalgarderobe	0,05	15	20
Lager HC-utstyr	0,04	12	16
SFO for 1- 4	0,35	105	140
<b>Sum trinnareal 1-4</b>		<b>1524</b>	<b>2032</b>
5 - 7. trinn	kvm pr elev		
Klasserom / heimeareal	2,5	563	750
Grupperom	0,3	68	90
Fellesareal	0,35	79	105
Areal til lærar	0,2	45	60
Lager	0,04	9	12
Garderober og toaletter	0,85	191	255
Lager HC-utstyr	0,04	9	12
<b>Sum trinnareal 5-7</b>		<b>963</b>	<b>1284</b>
<b>Sum generelle læringsareal 1-7</b>		<b>2487</b>	<b>3316</b>
<b>Per elev</b>		<b>4,74</b>	<b>4,74</b>

Det er lagt til grunn eit nettoareal pr. elev på 4,74 m<sup>2</sup> NTA i de generelle læringsareala. Det er lagt til grunn 2,5 m<sup>2</sup> pr. elev i klasseromma (25 elevar) – i tillegg kjem ekstra areal for lærar. Vidare er garderobefasilitetane betre på småsteget enn for mellomsteget.

SFO er rekna som ein eigen funksjon med eige areal i tilknytning til 1. og 2 . klasse. Det er programmert inn eige fellesareal – både for småsteget og mellomsteget.



## 4.3 Spesialisert læringsareal

### Spesialutstyrte læringsareal

Dimensjonering		B525	B700
<b>Musikk</b>			
Musikk/drama		70	70
Musikkteknologi		10	10
Øvingsrom		10	10
Lager musikk		10	10
<b>Sum musikk</b>		<b>100</b>	<b>100</b>
<b>Kunst og handverk</b>			
<b>K&amp;H 1 - sløyd</b>		80	80
Lager tre/metall		5	5
Verkstad		30	30
Maling/lakk		5	5
<b>K&amp;H 2 - teikning/keramikk</b>		75	75
Lager teikning		5	5
Lager keramikk		5	5
<b>K&amp;H 3 - tekstil</b>		75	75
Lager tekstil		5	5
<b>Sum Kunst og håndverk</b>		<b>285</b>	<b>285</b>
<b>Mat og helse</b>			
Kjøken		70	70
Spiserom		50	50
Vaskerom		5	5
Lager		5	5
<b>Sum mat og helse</b>		<b>130</b>	<b>130</b>
<b>Kroppsøving utgår NY IDRETTSHALL</b>			
<b>Naturfagsrom</b>		<b>75</b>	<b>75</b>
<b>Bibliotek</b>		<b>90</b>	<b>90</b>
<b>Auditorium</b>		<b>80</b>	<b>100</b>
<b>Spesialutstyrte læringsareal</b>		<b>760</b>	<b>780</b>
<b>Per elev</b>		<b>1,45</b>	<b>1,11</b>

Spesialromma stettar krava i Lærarplanen.

Kroppsøving:

Det er ikkje lagt til grunn idrettshall, då det vert realisert eigen idrettshall i sentrum av Ulsteinvik.  
Denne skal nyttast av ungdomsskule og barneskule.



Alle skulane utanfor sentrum har gode kroppsøvingslokale.

For sentrumsskulane er det slik at ein barneskule med 4 parallellear ut frå dagens læreplanar treng å disponere to samtidige areal til kroppsøving for ein del av timane kvar veke. For ein ungdomsskule med mellom 4 og 5 parallellear er det og behov for å disponere to areal til kroppsøving samstundes delar av veka. Ny idrettshall i sentrum er planlagt med svømmehall. Det er eit godt bidrag til koordineringa mellom den vidaregåande skulen, ungdomsskulen og barneskulen sine kroppsøvingstimar. Siste åra har det og kome økte krav til fysisk aktivitet på barnetrinnet og blitt innført valfag med fysisk aktivitet på ungdomstrinnet. Dette gjer at kommunen må vurdere kapasitetsbehovet for hallarealet totalt sett for dei tre skulane Ulsteinvik barneskule, Ulstein ungdomsskule og den vidaregåande skulen.

#### 4.4 Administrasjons- og personalareal

##### Personalavdeling

Dimensjonering	B525	B700
<b>Administrasjon</b>		
Ekspedisjon	25	25
Kontorer	10	60
Kopirom	7	7
Arkiv/lager	5	5
Møterom	15	20
<b>Sum administrasjon</b>	<b>112</b>	<b>137</b>
<b>Lærernes arbeidsareal</b>		
Individuell arbeidsplass - 6 m <sup>2</sup> for 90%	6	244
Møterom - 1 m <sup>2</sup> for 90%	1	41
Lærerbibliotek 1 m <sup>2</sup> for 90%	1	41
10% lærere + andre ansatte - 2 m <sup>2</sup> andel i flexiplasser	2	39
Kopirom	15	20
<b>Sum lærernes arbeidsareal</b>	<b>380</b>	<b>507</b>
<b>Personalgarderober</b>	<b>0,6</b>	<b>45</b>
<b>Personalrom</b>	<b>1,2</b>	<b>60</b>
<b>Sum personalavdeling</b>	<b>597</b>	<b>784</b>
<b>Per elev</b>	<b>1,14</b>	<b>1,12</b>

Administrasjon- og personalavdelinga består av kontor, lærararbeidsplassar for 90 prosent av tal lærar (ikkje årsverk), støttefunksjonar, møterom , personalrom, mv. Det er avsett 6 m<sup>2</sup> til lærararbeidsplass.

Vidare er det avsett flexiareal for resterande 10 prosent av lærarane, fagarbeidaran og andre tilsette.



## 4.5 Anna areal

### Anna areal

Dimensjonering		B525	B700
Festsal		200	200
Kantinekjøkken		35	35
Kjølerom kantine		5	5
Lager kantine		5	5
<b>Sum festsal/kantine</b>		<b>245</b>	<b>245</b>
Vestibyle		20	20
Vaktrom/kontor driftsoperatør		10	10
Publikumstoaletter		10	10
Sambrukskontor/møterom		10	10
<b>Vestibyleområde</b>		<b>50</b>	<b>50</b>
Helseøster		20	20
Driftsoperatør, lager, verksted		20	20
IKT- verksted		8	8
Renholdssentral		15	15
Renholdsrom/tappestasjoner		10	10
Renhold (rekvisitalager)		10	10
<b>Diverse</b>		<b>83</b>	<b>83</b>
Generelt lager		90	100
Lager skolekorps		40	40
Utebod/lekeutstyr		20	20
<b>Lager</b>		<b>150</b>	<b>160</b>
<b>Sum annet areal</b>		<b>528</b>	<b>538</b>
<b>Per elev</b>		<b>1,01</b>	<b>0,77</b>

### Totale arealer

<b>Netto areal skolebygg</b>		<b>4372</b>	<b>5418</b>
<b>Areal per elev</b>		<b>8,33</b>	<b>7,74</b>
<b>Brutto areal skolebygg</b>	<b>netto x 1,4</b>	<b>6121</b>	<b>7585</b>

Det er i tillegg til generelle og spesialiserte areal tatt med fellesareal som vestibyle, kantine, mv. I tillegg er det tatt med areal til helseøster /PPT, lager, drift, publikumsfunksjonar, mv.

For ein barneskule dimensjonert for ein normalkapasitet for **525 elevar** dvs. 25 elevar i 21 klasserom / maksimalkapasitet **588 elevar** dvs. 28 elevar i 21 klasserom – er det trøng for eit samla bruttoareal på **6 122 m<sup>2</sup> BTA** ekskl. idrettsfunksjon.



## 5 Moglege langsiktige val og løysingar

### 5.1 Hovudinntrykk av grunnskulane i Ulstein kommune

- ❖ Stort sett gode og funksjonelle skuleanlegg tilpassa elevmengde og elevkapasitet – utanom Ulsteinvik barneskule og Ulstein Kompetansesenter.
- ❖ Ulsteinvik barneskule har trong for auka skulekapasitet, meir funksjonelle læringsareal, betre garderobeløysingar, SFO, fleire og meir funksjonelle spesialrom, samt auka administrasjons- og personalareal
- ❖ Ulstein Kompetansesenter har trong for meir elevareal som større klasserom, grupperom og noko fellesareal som kantine, mv.
- ❖ Ulstein ungdomsskule framstår som ein moderne og funksjonell ungdomsskule tilpassa krav om varierte pedagogiske arbeidsformer, lærersamarbeid og spesialisering.
- ❖ Idrettsbygget i Ulsteinvik vert vurdert som rivings- og saneringsverdig
- ❖ To barneskular har «mellombelse» brakker – Hasund skule og Ulsteinvik barneskule. Brakkene på Ulsteinvik barneskule har låg teknisk bygningsstandard og samstundes låg pedagogisk funksjonalitet.
- ❖ Korte avstandar mellom grunnskulane – kompakt og oversikteleg kommune med gode og trygge hovudvegar og tilførselsvegar til skulane
- ❖ Skuletypar: Reine barnesteg 1-7 og ein felles ungdomsskule 8 -10 i sentrum. To av barneskulane er få-delt med lågt elevtall på fleire årssteg. Hasund skule har årssteg rett over delingstalet – noko som gjev høg klassedeling.
- ❖ Auke i talet på flyktingar gjev noko behov for ekstra klasserom for å handtere mottaksklassar, mv.

### 5.2 Overordna føringar for struktur- og kapasitetsmessige tiltak

Dei kapasitetsmessige vurderingane i denne planen er tufta på slike overordna føresetnader:

- ❖ Skulestrukturen ligg fast og det skal ikkje leggjast ned barneskular i kommunen
- ❖ Sikre ei optimal fordeling av elevane mellom barneskulane – og vurdere krinsgrensejustering av opptaksområda mellom Ulsteinvik krins og Ulstein og Hasund krinsar
- ❖ Sikre grunnskular som i størst mogleg grad gjev likeverdige fysiske lærings- og arbeidsmiljø

### 5.3 Hovudutfordringar (Barnesteget)

Skulebruksplanen vurderer slike hovudutfordringar for skulebehova fram mot 2030:

- ❖ **Sikre nok skulekapasitet ved Ulsteinvik barneskule:** For lite og for ufunksjonelt areal ved barneskulen krev ombygging og utbygging i tråd med framlegg til arealnorm.



Uteområdet ved skulen er under tilrådd tomteareal, men det er særskilt nokon byskular i Norge som stettar tilrådinga frå styresmaktene om storleiken på uteområdet. Utforming og kvalitetane i uteområdet er viktigare enn storleiken på arealet.

- ❖ **Ulstein Kompetansesenter** har trong for auka klasseromskapasitet gjennom ombygging og utviding av leigd areal i Reiten-bygget.
- ❖ **Elevfordeling:** Mange barneskular på korte avstandar gjev vanskar med å sikre ei optimal elevfordeling i høve ledig skulekapasitet og nærskuleprinsippet. Særleg gjeld dette mellom Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule. Det bor lite elevar i grenseområdet og truleg vil ei kringsgrensejustering gje liten effekt for Ulsteinvik barneskule, fordi det i alle høve må oppretta 3 klassar pr. årssteg.

## 5.4 Økonomiske føresetnader for investeringeskostnadene

Dei økonomiske kalkylane for bygningsmessige tiltak i denne planen tek utgangspunkt i slike føresetnader:

Behov	Kostnad (2015-kroner)
Rive- og saneringskostnader	1 500
Rehabilitering / ombygging av Ulsteinvik barneskule inkl. vedlikehaldsetterslep av bygningen	15 000
Nybygg / tilbygg	36 000

### 5.4.1 Rive-/saneringskostnader

Rive-/saneringskostnader er estimert til kr. 1.500 pr. m<sup>2</sup>. (Eventuelle kostnader knytt til erstatningsbygg/paviljongar i byggeperioden er ikkje tatt med i berekningane).

### 5.4.2 Rehabilitering / ombygging av Ulsteinvik barneskule med vedlikehaldsetterslep av eksisterande areal

Denne kategorien tek utgangspunkt i tilstandsrapport for Ulsteinvik barneskule – utarbeidd av Ose Ingeniørkontor AS. Kostnad pr. m<sup>2</sup> for rehabilitering / ombygging / vedlikehaldsetterslep er sett til kr. 15.000,- pr. m<sup>2</sup>.

### 5.4.3 Nybygg / tilbygg (inkl. mva.)

Prosjektkostnad for nybygg er sett til kr. 36.000,- pr. m<sup>2</sup> bruttoareal (BTA), inkludert infrastruktur og grunnarbeid på tomta. Det er her medrekna dei kostnadskomponentar som ligg inne i standard kontoplan for byggeprosjekt:

- Rigg og drift
- bygning
- VVS
- elektro sterkestrøm og svakestrøm



- andre installasjonar (heis)
- utomhusarbeid
- generelle kostnader (honorar, gebyr mm)
- marginar, reserver og inventar
- mva.

Tiltak utafor skuletomta, inventar / utstyr, leikeplassutstyr mv er ikkje inkludert i prosjektkostnaden over.

Merk at meirverdiavgift er inkludert og kommunen vil få meirverdikompensasjon for dei føreslegne tiltaka i denne planen.

Kommunen sine oppgjevne skuleareal er målt i bruksareal (BRA). Planen nyttar ein faktor på 1,12 x BRA for å få fram skuleanlegga sine samla bruttoareal (BTA).

## 5.5 Alternativ 1: Vidareføring av dagens situasjon – Investeringsbehov 2016 - 2030

Det er utarbeidd eit investeringsbehov fram til 2030 med slike tiltaksverdieringar og kostnadstal:

Investeringsbehov 2016 - 2030	Dimensjonerte elevtall if. prognose	Areal pr. nov 2013	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m <sup>2</sup> )			Ansatt investeringskostnad (NOK)			
				Riving/ sanering	Ombygging / Rehabilitering / Vedl. etterslep	Nybygg / tilbygg	Riving/ sanering	Ombygging / Rehabilitering / Vedl. etterslep	Nybygg / tilbygg	Investeringskostnad
Ulstein skule	120	1 754	1 800	-	-	-	-	-	-	-
Ulsteinvik barneskule (eksl. idrett)	500	4 882	6 121	420	4 462	1 659	0,6 mill	66,9 mill	59,7 mill	127,3 mill
Hasund skule	220	3 200	3 124	330	200	400	0,5 mill	3,0 mill	14,4 mill	17,9 mill
Haddal skule	75	1 954	1 125	-	-	-	-	-	-	-
Ulstein ungdomsskule	400	5 660	-	-	-	-	-	-	-	-
Idrettsbygget (symjehall/idrettshall,mv)	-	1 800	-	1 800			2,7 mill	-	-	2,7 mill
<b>Sum</b>	<b>1 315</b>	<b>19 250</b>	<b>12 170</b>	<b>2 550</b>	<b>4 662</b>	<b>2 059</b>	<b>3,8 mill</b>	<b>69,9 mill</b>	<b>74,1 mill</b>	<b>147,9 mill</b>

Det er estimert samla investeringskostnader på om lag kr. 148 mill. for utbygging og ombygging av Ulstein barneskule (kr.127,3 mill.), utfasing av brakkene ved Hasund skule (kr. 14,4 mill.) og riving av eksisterande idrettsbygg i Ulsteinvik (3 mill.).

Ulstein Kompetansesenter treng ikkje investeringsmidlar, men auke i leiekostnader som vert finansiert over driftsbudsjettet.

Arealnorma er lagt til grunn for dei skulane som vert vurdert til å ha eit utbyggings- og kapasitetsbehov.

### 5.5.1 Bygningsmessige tiltak ved Ulsteinvik barneskule er vurdert slik:


- ❖ Ombygging / Rehabilitering / Vedlikehaldsetterslep av eksisterande hovudbygning og nybygg / tilbygg:
  - Hovudbygget vert ombygd og tilpassa ei skuledrift med færre klasserom enn i dag, fleire grupperom, meir garderobekapasitet, eigen SFO og eventuelle spesialrom
  - Administrasjon og personalfunksjonar vert etablert i nybygget saman med resterande behov for læringsareal (generelt og spesialisert)
  - Lærararbeidsplassar kan organiserast både desentralisert og sentralisert i nybygget og i hovudbygget
- ❖ Nybygg på om lag 1 700 m<sup>2</sup> BTA
- ❖ Brakke vert riven/sanert og omgjort til uteområde



- ❖ Idrettsbygget vert rive og sanert. Tomta vert delvis nytta til nybygg for barneskulen og delvis som nytt uteareal for barneskulen. Sjå eige avsnitt om areal til kroppsøving under pkt. 4.3.

## 5.5.2 Hovudgrep for Ulsteinvik barneskule

### 5.5.2.1 Før ut- og ombygging - dagens situasjon



Kartutsnittet viser plasseringa av barneskulen, ungdomsskulen og idrettsbygget mellom dei.


Uteområdet er tilrettelagt med ballplass, og varierte oppholdsressurser for eleverne med asfalt og grasplener rundt skulen. Skulen har kort veg til sjø i søraust og fjell mot nord.

Tilgjengeleg uteareal på tomta til barneskulen er om lag 12 840 m<sup>2</sup>, inkludert skulearealet, men utan parkeringsplassane. Avtrykket av skulebygga utgjer i dag om lag 1 900 m<sup>2</sup> for hovudbygget og om lag 300 m<sup>2</sup> for brakkebygget. Utrekna tilgjengeleg uteareal er difor 10 600 m<sup>2</sup>. Dette er under tilrådd norm frå Helsedirektoratet (Tilrådd uteareal er mellom 15 000 – 20 000 m<sup>2</sup> for ein barneskule med 500 elevar)

Kommunen ønskjer å sjå heile området under eitt, for å få eit heilskapleg blikk og framtidsretta bruk av arealet. Det er gangavstand til den nye idrettshallen som kjem i søraust, ned mot sentrum. Der er det tenkt at alle elever skal ha kroppsøvingstimane sine. Ulstein sanse- og aktivitetssenter (USAS) er frå kommunen si side tenkt frigjorte til anna bruk.



### 5.5.2.2 Etter ut- og ombygging – ein mogeleg framtidig situasjon.



Dette kartutsnittet er ein illustrasjon av korleis ei ny barneskuleløysing kan gjerast på tomta. Brakkene og eksisterande idrettsbygg er tekne bort og det er lagt til eit fotavtrykk av eit mogeleg utbygg på barneskulen. Ulsteinvik barneskule treng meir og oppgraderte areal, samt meir uteplass til elevane. Ved å plassere nytt bygg inntil eksisterande skule, kan ein laga heilskap og samanheng i skulen og samstundes få meir kapasitet og auka kvalitet på uteområdet, der brakkene og idrettsbygget i dag står.

Det er særslig få byskular i Norge som stettar tilrådinga om stort nok uteareal til sine byskular. Like sentralt som storleiken på uteflata, er kravet om kvalitet og innhald i uteområdet. Det er kanskje meir viktig å fokusere på kvalitetane og tilboda i uteområdet – framfor storleiken. Det er også fullt mogleg å styre bruken av uteområdet, slik at alle elevane ikkje er ute samstundes.

Eigedomen til Ulstein sanse- og aktivitetssenter (USAS) vert vurdert til å vere lite eigna til barneskuleføremål, grunna plasseringa og utforminga. Det vil skape avstand og det vert uoversiktleg å inkludere dette området i barneskulen sitt området. Uteområda for barne- og ungdomsskulen i sentrum har trong for meir uteareal. Ei eventuell sanering av USAS sin bygning kan tilføre meir uteareal til skuleføremåla i sentrum.



## 5.6 Alternativ 2: Høg utbygging i Ulstein krins (2020-) – Investeringsbehov 2016-2020

Ei høg og styrt bustadbygging i Ulstein krins fom. 2020 vil krevje tilbygg på Ulstein skule.

Skulebehovsplanen vurderer at Ulsteinvik barneskule må dimensjonerast som ein tre parallelle skule, uavhengig av elevtalsveksten ved Ulstein skule.

Noko færre elevar ved Ulsteinvik barneskule vil redusere utbyggingsbehovet noko, men fleire elevar ved Ulstein skule vil krevje tilbygg. Her vil elevtalet nesten doble seg i siste del av framskrivningsperioden – samanlikna med elevtalet historisk. Truleg må kommunen forvente at det samla utbyggingsarealet i dette alternativet aukar, slik at investeringskostnaden vert høgare – samanlikna med alternativ 1 over.

Det er lagt til grunn tilrådd arealnorm for utbyggingsbehova ved Ulstein skule og Ulsteinvik barneskule i dette alternativet.

I alternativ 1 er det kun Ulsteinvik barneskule som legg arealnorma til grunn for si utbygging.

Investeringsbehov 2016 - 2030 Alternativ 2: Høg utbygging i Ulstein krins	Dimensjonerte elevtall jf. prognose	Areal pr. nov. 2013	Arealbehov iht elevtall	Type tiltak (m <sup>2</sup> )			Anslått investeringskostnad (NOK)			
				Riving/ sanering	Ombygging / Rehabilitering / Vedl.letterslep	Nybygg / tilbygg	Riving/ sanering	Ombygging / Rehabilitering / Vedl.letterslep	Nybygg / tilbygg	Investerings- kostnad
Ulstein skule	170	1 754	3 209	-	100	1 455	-	1,5 mill	52,4 mill	53,9 mill
Ulsteinvik barneskule (ekskl. idrett)	450	4 882	5 462	420	4 462	1 000	0,6 mill	66,9 mill	36,0 mill	103,6 mill
Hasund skule	220	3 200	3 124	330	200	400	0,5 mill	3,0 mill	14,4 mill	17,9 mill
Haddal skule	75	1 954	1 125	-	-	-	-	-	-	-
Ulstein ungdomsskule	400	5 660	-	-	-	-	-	-	-	-
Idrettsbygget (symjehall/idrettshall,mv)	-	1 800	-	1 800			2,7 mill	-	-	2,7 mill
<b>Sum</b>	<b>1 315</b>	<b>19 250</b>	<b>12 920</b>	<b>2 550</b>	<b>4 762</b>	<b>2 855</b>	<b>3,8 mill</b>	<b>71,4 mill</b>	<b>102,8 mill</b>	<b>178,0 mill</b>

Alternativ 2 vert kostnadsrekna til å verte kr. 29 mill. dyrare enn tiltaka i alternativ 1. Dette skuldast at Ulstein skule må byggjast ut med meir generelt læringsareal, meir personal- og administrasjonsareal, alle spesialrom, felles samlingsrom – utover det skulen disponerer i dag for å møta ei nesten dobling av elevtalet.

## 5.7 Prioritering og periodisering av investeringane

Planlegginga av ut- og ombygginga ved Ulsteinvik barneskule bør starte i 2017. Det må pårekna minst to år byggetid. Ei naudsynt utbygging ved Ulsteinvik barneskule bør stå ferdig i januar 2019 eller august 2020 (skuleåret 2020/21).

Utfasinga av brakkene ved Hasund skule er vurdert til å ha ein noko betre bygningsmessig kvalitet og pedagogisk funksjonalitet enn brakkeriggen ved Ulsteinvik barneskule og er difor foreslege fasa ut seinare i planperioden. Eit eventuelt nytt tilbygg ved Hasund skule bør stå klart til skuleåret 2025/26.

INVESTERINGS- OG UΤBYGGINGSTIDSPUNKT	Planleggings- og byggefase					Ferdigstilling				Ingen vurderte behov					
	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
Ulstein skule															
Ulsteinvik barneskule (ekskl. idrett)					127 mill										
Hasund skule										18 mill					
Haddal skule															
Ulstein ungdomsskule															
Idrettsbygget (symjehall/idrettshall,mv)			3 mill												


Ei eventuell utbygging av Ulstein skule (alt.2 over) bør stå ferdig i perioden 2020-2025.



## 5.8 Moglege langsiktige strukturendringar på barnesteget


Planen fremjar ikkje endringar i skulestrukturen på barnesteget. I samband med planarbeidet har ein fått vurdert elevkonsekvensane av to moglege framtidige og langsiktige scenario slik:

### Hasund skule inklusiv elevane frå Haddal krins



Eit slikt scenario vil gje eit elevtal ved Hasund skule mellom 270 og 300 elevar. På lang sikt vil dette gje årssteg mellom 40 og 50 elevar med 18-25 elevar i kvar klasse. Om kommunen vel å fase ut brakkene ved Hasund skule, bør dette scenarioet konsekvensvurderast som utbyggingsløysing for tilbygget ved Hasund skule.

### Ulsteinvik barneskule inklusiv elevane frå Ulstein krins



Ei overføring av elevane ved Ulstein skule til Ulsteinvik barneskule gjev at denne skulen får eit samla elevtal over 600 elevar. Med dagens framskrivingsalternativ vil dette resultere i at skulen får mange klassar over 84 elevar pr. årssteg – noko som gjev grunnlag for skuledrift i ein fire-parallel skule.